



ULSTEIN KOMMUNE



Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031

Planomtale

Vedteke i Ulstein kommunestyre sak 19/29
28.03.2019

NasjonalArealplanID
1516 2017

Sist revidert 10.04.2019

Føreord

Samfunnet vårt er i stadig utvikling. Det som var rett i går, er kanskje ikkje rett i dag, og mest truleg ikkje rett i morgon. Kommuneplanen er vårt viktigaste verktøy for å planlegge inn i framtida. *Samfunnsdelen* av kommuneplanen, som blei vedteken i kommunestyret i januar, syner korleis kommunen vil løyse utfordringane og realisere moglegheitene våre. Samfunnsdelen legg også premisser for *arealdelen*, som styrer korleis vi skal nytte areala våre for å gjennomføre strategiane vi har lagt. Det kan vere behov for nye næringsareal, bustader eller område for offentlege føremål som til dømes skular og barnehagar. Arealdelen skal også ta hand om vern av kulturminne, naturmiljø og naturressursar. Det er med andre ord mange omsyn å ta i ein slik prosess, og dessverre kan ikkje alle omsyn takast i like stor grad.

Sjølve planen er lite verdt dersom det ikkje har vore ein god prosess fram til vedtaket. Ein god plan må ha legitimitet, og difor har vi i prosessen lagt vekt på medverknad frå innbyggjarane våre. Vi har gjennomført folkemøte i alle skulekrinsane både for samfunnsdelen (2016) og arealdelen (2017). Vi har hatt møte med eit breitt spekter frå næringslivet for å legge fram tankane våre og få tilbakemeldingar på kva det er viktig å ta omsyn til framover. Både ungdomsrådet og fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har vore engasjerte og inviterte til å kome med innspel. Dei innspela vi har fått med oss på vegen, har vore viktige for den planen vi no legg fram. Vi har også i prosessen lagt vekt på å følgje dei nasjonale og regionale føringane som gjeld.

Eit viktig fokusområde har vore korleis vi kan auke fortettinga i Ulsteinvik sentrum. Det handlar ikkje om at sentrum er viktigare enn krinsane rundt. Det dreier seg om å erkjenne at eit innhaldsrikt og attraktivt sentrumsområde er viktig for utviklinga også i resten av kommunen og regionen elles. Enten ein likar det eller ei, etterspør innbyggjarane meir og meir urbane miljø, der ein kan velje mellom ulike aktivitetar og tilbod og møte andre menneske. Fortettinga har også andre positive sider ved seg. Ho reduserer transportbehovet og legg betre til rette for miljøvennlege løysingar som til dømes fjernvarme. Fortettinga gjer det også mogleg å yte kommunale tenester meir effektiv, noko vi treng for å kunne møte den mykje omtala eldrebølgja på ein god måte. Samstundes er det viktig å halde oppe attraktive og trygge bumiljø ute i krinsane, og vi har gjennom prosessen søkt å sørge for det òg.

Eg har god tru på at den nye utgåva av kommuneplanen gir oss eit godt handlingsrom til å utvikle Ulstein-samfunnet vidare i ei retning som vil tene innbyggjarane våre på ein god måte.

Ulsteinvik 13.03.2018

Knut Erik Engh

ordførar

Innhald

Føreord	2
Innhald.....	3
1 Innleiing.....	4
1.1 Planprosess	4
1.2 Medverknad.....	5
1.3 Mål og visjonar.....	6
2 Mål for arealbruken	7
2.1 Arealgrunnlaget - topografi og utbygging	7
2.2 Overordna mål.....	8
2.3 Hovudmål for arealbruken.....	8
3 Føringer for arealbruken.....	9
3.1 Statlege føringer	9
3.2 Berekraftig utvikling	10
3.2 Fylket sine føringer	10
3.4 Kommunale føringer	11
4 Hovudtema	12
4.1 Kvalitetar i utbygginga	12
4.2 Bebyggelse og anlegg.....	12
4.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.....	26
4.4 Grønstruktur, strandsone, natur- og friluftsområde	29
4.5 Landbruk/Kulturlandskap.....	31
4.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.....	33
4.7 Kulturminne og kulturmiljø.....	37
4.8 Tettstad	40
5 Plandokument	44
5.1 Arealdelen plankart	44
5.2. Føresegner	44
5.3 Gjeldande reguleringsplanar.....	45
5.4 ROS – Risiko og sårbarheitsanalyse.....	46
5.5 Omsynssoner	47
5.6 Konsekvensar av kommuneplanen	48
6 Vedlegg.....	52

1 Innleiing

I Plan- og bygningslova § 3-3 står det at: “*Kommunal planlegging har til formål å legge til rette for utvikling og samordnet oppgaveløsning i kommunen gjennom forvaltning av arealene og naturressursene i kommunen, og ved å gi grunnlag for gjennomføring av kommunal, regional, statlig og privat virksomhet*”.

1.1 Planprosess

Planprogram for arealdelen av kommuneplanen vart vedteke av Ulstein formannskap i sak 15/93. Rammene for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen er gitt av overordna målsettingar i samfunnsdelen av kommuneplanen vedteke i kommunestyret i sak 17/5.

Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vore koordinert av ei administrativ prosjektgruppe samansett av:

Verner Larsen, assisterande rådmann – leiar av prosjektgruppa
Arne Runar Vik, kommunalsjef teknisk
Anita Sundnes, leiar plan- og byggesaksavdeling
Cecilie Roppen, arealplanleggar
Rønnaug Mork, arealplanleggar
Marit Botnen, kommunalsjef helse/omsorg
Gry Nordal, oppvekstsjef
Leif Ringstad, kultursjef og barnerepresentant
Kristine Dale, folkehelsekoordinator

Styringsgruppe for planarbeidet har vore Ulstein formannskap utvida med representant frå det politiske partiet som ikkje har fast plass i formannskapet. Medlemmer i styringsgruppa har vore:

Knut Erik Engh (FrP) - ordførar og leiar av styringsgruppa
Pål Grødal (V)
Tor Meinseth (H)
Knut Kleiven (H)
Lisa Mari Breivik Anderson (SP)
Renate Rossi-Kaldhol (AP)
Steinar Torvik (KRF)
Morten Feiring (SV)

I arbeidet med planen vart det sett ned sju arbeidsgrupper med interne og eksterne deltakarar. Gruppene arbeidde med:

1. Landbruk, kulturminne/kulturmiljø
2. Veg og samferdsel
3. Sentrumsutvikling, parkering
4. Kommunale tenester
5. Bustadbygging
6. Gravplass

7. Kartlegging og verdsetting av friluftsområde, turstiar

Styringsgruppa har hatt fleire møte der ein har drøfta materialet som vart lagt fram frå arbeidsgruppene og frå prosjektgruppa. Styringsgruppa har sendt samla planframlegg over til formannskapet for vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

1.2 Medverknad

Ulstein formannskap vedtok i møte 02.03.2015, sak 15/25 å setje i gang arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunns- og arealdel og å leggje ut til offentleg ettersyn eit planprogram for planarbeidet. Annonse i avisa vart sett inn 10.03.2015. Frist for å kome med merknad vart sett til 21.04.2015. Grunna at arbeidet har trekt ut i tid vart ikkje fristen overhalde og det har kome inn merknadar også etter denne.

19.01.2016 vart representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og fylkesmannen i Møre og Romsdal invitert til eit møte i lag med formannskapet, teknisk utval og landbrukskontoret. Nokre tema i møte var kulturminne/gravplass, tettstad/byutvikling/senterfunksjon, overordna ROS-analyse, oppvekst og utdanning, næringsutvikling, bustadpolitikk og samferdsel.

Firmaet Civitas vart engasjert for å sikre medverknadsprosessen i kommuneplanarbeidet. Arbeidet retta seg både mot samfunns- og arealdelen. Ei klasse frå Ulstein ungdomsskule hadde 01.04.2016 ei kreativ samling i lag med Civitas og representantar frå arbeidsgruppa. 18.04.2016 vart det halde møte med handelsstanden og næringslivet. 19.04.2016 vart det halde ideverkstad/folkemøte. Innspel frå 10. klasse vart lagt fram på dette møtet. 02.06.2016 vart det halde ideverkstad om det fleirkulturelle Ulstein der ulike representantar frå idrettslag, foreiningar, råd, utval og administrasjonen var invitert. Formålet var å engasjere for vidare arbeid med innhaldet i kommuneplanen og mobilisere samvirke mellom ulike aktørar i lokalsamfunnet.

Arbeidet Civitas gjorde munna ut rapporten *Ulsteinvik 2046 - Strategier og tiltak for sentrumsutvikling* som har lagt grunnlaget for det påfølgjande kommuneplanarbeidet.

I april 2017 vart det halde fire folkemøte i dei ulike krinsane i kommunen der arealdelen var tema.

15.05.2017 vart det halde møte med styringsgruppa for å diskutere grunnlagsarbeidet til arealdelen.

Pr. 07.06.2017 var det registrert 43 skriftlege og 72 munnlege innspel til kommuneplanen.

1. Offentleg ettersyn

Ulstein formannskap vedtok i møte 27.06.2017, sak 17/67 å leggje kommuneplanen sin arealdel 2017-2029 ut på 1.gongs offentleg ettersyn. Kommuneplanen låg ute på høyring frå 05.07.2017-15.09.2017

I tida fram til arbeidet med 2.gongs høyring har det vore halde både opne folkemøte og møter med lokale foreiningar:

- Folkemøte 07.09.2017
- Gjennomgang av kommuneplanens arealdel i Ungdomsrådet 06.11.2017

Pr. 22.11.2017 var det registrert skriftlege merknader frå 48 forskjellige statlege og kommunale aktørar, interesseorganisasjonar, velforeiningar og enkeltpersonar.

Det kom inn 10 motsegner frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (6) og Møre og Romsdal fylkeskommune (4).

Merknadar og motsegner blei gjennomgått og Ulstein formannskap vedtok i møte 13.03.2018, sak 18/23, å legge planen ut til 2. gongs offentleg ettersyn. Kommuneplanen låg ute på høyring frå 05.04.2018-18.05.2018. Det blei halde folkemøte i krinsane i denne perioden. Det kom inn 62

skriftlege merknadar frå statlege og kommunale aktørar, interesseorganisasjonar, velforeiningar og enkeltpersonar. Av desse var det ti motsegner frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (6) og Møre og Romsdal fylkeskommune (4).

Formannskapet handsama vurdering av motsegnene i sak 18/71, den 11.09.2018. Det blei halde drøftingsmøte med partane i september og oktober 2018 og alle utanom ei motsegn vart trekt. Motsegna som står att omhandlar utviding av gravplass. Etter at Ulstein formannskap har slutthandsama planen vil det bli gjennomført mekling om denne motsegna.

1.3 Mål og visjonar

Dei overordna målsettingane er fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel med visjonen:

ULSTEIN - der baug bryt bære.

Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.

Verdigrunnlaget for Ulsteinsamfunnet er tufta på desse fire kjerneverdiane: Nyskaping, Omsorg, Rausheit og Mangfald.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det fleire konkrete punkt og formuleringar som har koplingar mot arealdelen:

By- og tettstadutvikling:

- godt funksjonelt bymiljø som skal styrke Ulsteinvik sin posisjon som regionalt senter
- lage ein områdeplan for sentrum med fokus på fortetting, struktur, parkering, sosiale møteplassar og rekreasjon
- etablere forpliktande samarbeid om utvikling av handel og næring i Ulsteinvik sentrum
- planlegge med fokus på eit kompakt og fleirfunksjonelt sentrum av Ulsteinvik der både handel, kontorarbeidsplassar og bustad skal finne sin plass
- vidareutvikle sjøfronten i Ulsteinvik som eit aktivum
- sikre at skuleområda i kommunen vert utvikla som attraktiv møteplass
- arbeide for fortetting med gangavstand til sentrum/bypark

Bustad:

- legge til rette for å auke folketalet på minst 1,5 % årleg i snitt i planperioden. Areal og utnytting for bustad må samsvare med denne målsettinga
- satse på mindre bueiningar i konsentrert busetnad i heile kommunen og bustadblokker i sentrum
- legge til rette for at eldre, sjuke og funksjonshemma får høve til å bu lengst mogleg i eigen bustad eller i ein tilpassa bustad
- ha ei aktiv rolle i arbeidet med å skaffe og tilrettelegge bustader for grupper som har behov for særskilt tilrettelagde bustader, og dei som ikkje åleine vil makte å skaffe seg ein eigna bustad

Nærings- og industriareal:

- sikre areal til nærings- og industriutvikling

Veg, samferdsle og trafikktrygging:

- samordna samferdsleplanlegging
- utbygging av gang-, sykkel- og turvegar og tilrettelegging for ferdsel utan bruk av bil
- gode og brukarvenlege kollektivtilbod
- gjennomføre prioriterte tiltak i trafikktryggingssplanen

Kulturminne:

- arbeide for at vår kulturarv vert ivareteken og nytta til å skape opplevingar for innbyggjarar og tilreisande

Moment i planprosessar:

- aktivt arbeide for å engasjere innbyggjarar, og spesielt barn og unge, i planprosessar som vedkjem denne gruppa
- legge folkehelseperspektivet og universell utforming til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak
- sikre ei berekraftig utvikling i kommunen, der omsynet til grøntverdiar, friluftsliv og biologisk mangfald skal vektleggast
- resultatet av overordna risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) skal leggast til grunn for arbeidet med arealdelen med omsyn til både naturgitte og menneskeskapte hendingar
- ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging

2 Mål for arealbruken

2.1 Arealgrunnlaget - topografi og utbygging

Ulstein kommune sitt samla areal er om lag 256 km², av dette landareal på i alt 96,7 km² (96700 dekar). Dimnøya utgjer 8,7 km², Eika 2,5 km², andre øyar og holmar 1,5 km². Resten av landarealet, 84,0 km², utgjer om lag vestre halvdel av Hareidlandet.

Det meste av landarealet er fjell og utmarksområde. Attanfor smale kyststriper reiser fjella seg med høgder opp til 697 moh (Blåtinden) på Hareidlandet. Høgåsen er høgst på Dimnøya med 240 moh. Eika har sitt høgste punkt 123 moh.

Dei smale strandflatene på Dimnøya og Hareidlandet, med avgreiningar til Halsekerdalen og Ringstaddalen, har frå gammalt av vore hovudgrunnlaget for busetnad og landverts aktivitet i kommunen. Med frådrag av areal brattare enn 1:3 utgjer arealet som ligg lågare enn 160 moh i alt om lag 18 km² (18 000 dekar). Eika er teken med her, men ikkje dei andre mindre øyane. Av arealet er deler vanskeleg tilkomeleg eller våtmark. I praksis er det ein samla arealressurs på 12 -15 km² som skal gi rom for landbruk, verneområde, busetnad, næringsverksemd og infrastruktur i kommunen.

For 20 år sidan var registrert jordbruksareal om lag 6 500 dekar. Av dette er seinare ein del gått ut av drift og noko er omdisponert. I 2016 var såleis om lag 4300 dekar godkjent som grunnlag for produksjonstilskot.

Utbygde areal utgjer i dag om lag 5250 dekar. Her er ikkje hytter og andre bygningar knytt til gardsbruk medrekna. Av dette er om lag 2750 dekar tekne i bruk sidan 1984. Til utbygging har det

såleis i gjennomsnitt gått med om lag 100 dekar pr. år i denne perioden.

2.2 Overordna mål

Under “Tettstad- og arealutvikling” er det i Samfunnsdelen av kommuneplanen vedteke slikt mål:

Ulstein kommune sin langsiktige areal- og utbyggingspolitikk skal sikre berekraftig bruk av areal- og naturressursar.

Framtidig byutvikling skal vektleggje eigen identitet tufta på tettstaden si historie. Tettstaden skal vidareutviklast med fokus på nyskaping, sosiale møteplassar, bulyst, aktivitet og tilrettelegging for eit konkurransedyktig næringsliv.

I arbeidet med fortetting skal vi finne gode løysingar i kryssing mellom næring (industri/handel), bustad/fritid og tettstadutvikling.

Planarbeidet skal legge opp til medverknad og bidra til å styrke lokaldemokratiet.

Dette inneber at utbygging og utvikling av samfunnet må skje slik at også natur og kulturlandskapskvalitetar kan oppretthaldast.

Prinsippet om samling, fortetting og konsentrasjon i sentrum av Ulsteinvik ligg fast for byutviklinga.

2.3 Hovudmål for arealbruken

Med knappe arealressursar er det eit **hovudmål å rasjonalisere mest mogleg med tilgjengeleg areal i kommunen**. Det er vidare ei målsetting å ta vare på, og legge til rette for høg livskvalitet for flest mogleg.

2.3.1 Delmål

For å oppnå hovudmålsettinga gjeld fylgjande delmål for dei ulike arealbrukskategoriane:

2.3.1.1 For utbyggingsområde:

Prioritet på

- fortetting eller utviding av allereie utbygde område
- lokalisering av nye utbyggingar med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur
- ta vare på aktivitetsområde, opplevingsområde og grøntareal i og nær sentrum
- ta vare på og ta omsyn til historie og stadsidentitet
- å reservere strandsoner og strandnære område til aktivitetar som treng sjøtilgang
- leggje til rette for bu- og byggjetilbod for alle, uavhengig av alder og funksjonsgrad
- bustadbygging i alle krinsar

2.3.1.2 For landbruksområde:

Unngå inngrep i

- samanhengande godt arronderte jordbruksareal og høgproduktive mindre areal
- kulturlandskap av heilskapleg karakter

- godt arronderte dyrkings- eller skogreservar med god jord

2.3.1.3 For natur-, friluft- og aktivitetsområde:

Prioritet på å sikre

- areal for rekreasjonstilbod
- areal for nærmiljøanlegg og idrettsanlegg
- areal til grønstruktur i bustadområde og sentrumsområde
- areal for tilkomst til friluftsområde
- område for uteundervisning og skuleaktivitet

Unngå utbygging og inngrep i

- større, samanhengande og lite påverka naturområde
- inngrepsfrie strandområde og strandnære areal av noko lengde
- inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar
- eksisterande eller moglege friluft- og utfartsområde (badeplassar o.a.)

3 Føringer for arealbruken

Plan- og bygningslova ligg i botnen for planarbeidet til kommuneplanen sin arealdel. Ny planlov vart sett i verk juli 2009.

Utan å gå inn på kvar einiskilt av alle dei dokument som er førande og rettleiande, og som såleis kan ha innverknad på planutforminga, vert her dei viktigaste nemnde:

3.1 Statlege føringer

3.1.1 Rikspolitiske retningslinjer

- Ivaretaking av born og unge sine interesser i planlegginga (T-2/2008)
- Handsaming av støy i planlegginga (T-1442/2012)
- Universell utforming

3.1.2 Statlege rundskriv og rettleiarar

- Planlegging etter plan- og bygningsloven
- Lovkommentar til plandelen i ny Plan- og bygningslov – og nytt i forbindelse med iverksetting av loven, 01.06.2009
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (26.09.2014)
- Nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegginga (T-2/98 B)
- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (12.06.2015)
- Planlegging av fritidsbebyggelse (T-1450)
- Omdisponering og deling – Lov om jord (jordlova) 12. mai 1995 nr. 23 §§ 9 og 12 (M-1/2013)

- St. meld. nr. 29 (96-97) ”Regional planlegging og arealpolitikk”
- Meld. St. 33 (2016–2017) Nasjonal transportplan 2018–2029
- St. meld. nr. 43 (1998-99) ”Bruk og vern i kystsonen”
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfaldloven) 19.06.2009
- Meld. St. 19 (2014-2015) “Folkehelsemeldingen: Mestring og muligheter”
- Meld. St.14 (2015-2016) Natur for livet (Norsk handlingsplan for naturmangfald)
- M-462/2015 Friluftsliv for alltid (Statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder)
- St.meld. nr 14 (1999-2000) – Idrettslivet i endring
- St.meld. nr.39 (2000 – 2001) – Friluftsliv.
- Havnivåstigning og stormflo, samfunnssikkerhet og kommunal planlegging – DSB 2016
- Sikkerhet mot kvikkleireskred – NVE 2014
- Flaum- og jordskredaktsomhetskart – NVE
- Regional delplan for kulturminne av nasjonal og regional verdi, lokalkunnskap
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (28.09.2018)
- Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.

3.2 Berekraftig utvikling

FN sin Agenda 21 vart erstatta av Agenda 2030 i september 2015. Det blei avtalt ein handlingsplan med langsiktige mål som skal gjelde heilt fram til 2030. Agendaen er bygd på 17 ulike hovudmål, og går i stor grad på korleis vi kan skape ei meir berekraftig verd. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneskjer som lever i dag, utan å øydeleggje framtidige generasjonars moglegheit til å dekke sine. Måla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling:

1. Klima og miljø
2. Økonomi
3. Sosiale forhold

3.2 Fylket sine føringar

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017 –2020
- Transportstrategi for gåande og syklende i M og R, 2010 – 2019
- Regional delplan for klima og energi (15.06.2015)
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader (15.06.2015)
- Regional delplan for kulturminne (15.06.2015)
- Regional delplan for vassforvaltning (20.10.2015)
- Gang- og sykkelvegstrategi for Møre og Romsdal 2010 – 2019
- Jordvernstrategi for Møre og Romsdal (22.05.2007)
- Landbruksmelding for Møre og Romsdal, vedteke i fylkestinget 12.06.2017
- Regional delplan for klima og energi 2015 – 2020
- Regional delplan for folkehelse
- Leikeplassar – lokalisering og utforming (råd i plansaker), Fylkesmannen i Møre- og Romsdal
- Klimaprofil, Møre og Romsdal (januar 2017) Norsk Klimaservicesenter

3.4 Kommunale føringar

3.4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2029 vart vedteken 16.2.2017. Den presenterer både faktagrunnlag og mål for utviklinga av Ulsteinsamfunnet som basis for mellom anna arealdelen.
- Strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel vert konkretisert og utdjupa gjennom kommuneplanen sin arealdel. Arealdelen skal spesielt ha fokus på:
 - Risiko og sårbarheitsanalyse knytt til arealbruk.
 - Fastsette hovudmål for arealbruk.
 - Landbruksområde og kulturlandskap.
 - Sikring av viktige naturområde, strender og rekreasjonsområde.
 - Kulturminne og kulturmiljø inkludert ei samla kartlegging i ein kulturminneplan.
 - Sikre areal for bustadbygging i tråd med målsettinga for denne planen og areal for næringsutbygging.
 - Universell utforming.
 - Aktiv deltaking frå interessegrupper i utforming av areala.
 - Vidareføre utbygging av sentrum innanfor ramma av tettstadsprogrammet.

3.4.2 Kommunale planar og analyser

- Reguleringsplanar som framleis skal gjelde
- Ulsteinvik 2046 - Strategier og tiltak for sentrumsutvikling
- Tettstadanalysen for Ulsteinvik frå 1999
- Tettstadsprogrammet/AT-prosjekt
- Estetikkkrettleiar frå 2005, retningsliner for skilt- og reklame
- Klimaplan for Ulstein 2011 – 2014
- Kommunedelplan for trafikktrygging 2016-2019
- Kommunedelplan idrettsanlegg og friluftsliv 2015-2018
- Kommunedelplan for avlaup 2001-2005
- Kommunedelplan for vassforsyning 2014-2020
- Bustadsosial handlingsplan 2016-2019
- Leikeområder, parkar, turveggar og turstiar i og rundt Ulsteinvik sentrum temakart
- Brannordning 2014
- Barnetrakkregistrering 2015
- Beredskapsplan mot akutt forureining, delplan Ulstein kommune 2016
- Folkehelseoversikta 2014
- Kommunal planstrategi for 2016 - 2020

4 Hovudtema

4.1 Kvalitetar i utbygginga

4.1.1 Mål

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

4.1.2 Rekkefølgekrav

Rekkefølgekrava skal sikre og vidareutvikle areal for framtidig ønska arealbruk. Dette gjeld både blå-grøne strukturar som turvegar og parkar, offentlege rom, idrettsanlegg og annan infrastruktur som genererast av bustad- og næringsutviklinga.

4.2 Bebyggelse og anlegg

4.2.1 Estetikk og kulturmiljø

4.2.1.1 Status og utviklingstrekk

Ulstein kommune har både ny og gammal bebyggelse med høg kvalitet. I utviklinga av kommunen er det eit mål at nye bygningar og anlegg utformast i samspel med omgjevnadene til eit attraktivt og mangfaldig samfunn forankra i røtene og historia. Alle spora i landskapet fortel korleis vi har nytta ressursane lokalt. Dette er sentralt i danninga av eigen identitet og viktige føringar for korleis vi utviklar bebyggelsen i kommunen. Nye bygningar og anlegg skal vere framtidsretta og ha estetiske kvalitetar både i forhold til seg sjølv som enkeltstående tiltak, og til omgjevnadane. Bebyggelsen skal også vurderast i forhold til fjernverknad. Volum og materialval skal vere tilpassa omgjevnadene samstundes som bebyggelsen skal fremje gode gate- og uterom, og ta vare på og utvikle eksisterande vegetasjon og landskapsbilete. Kulturverdiar i bygg og anlegg skal takast i vare i den vidare utviklinga.

4.1.1.2 Planløsning

Det vert stilt krav i føresegnene om at nye bygningar og anlegg skal vere framtidsretta og ha estetiske kvalitetar både i forhold til seg sjølv som enkeltstående tiltak, og til omgjevnadane. Bebyggelsen skal også vurderast i forhold til fjernverknad. Volum og materialval skal vere tilpassa omgjevnadene samstundes som bebyggelsen skal fremje gode gate- og uterom, og ta vare på og utvikle eksisterande vegetasjon og landskapsbilete. Kulturverdiar i bygg og anlegg skal takast i vare i den vidare

utviklinga.

4.2.2 Støy

4.2.2.1 Mål

I St.meld. 26 (2006-2007) heiter det at støyproblem skal førebyggjast og reduserast slik at omsynet til menneska si helse og trivsel vert ivareteke. Med utgangspunkt i statleg retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012) skal kommunane i si arealplanlegging legge til rette for førebygging av støyplager.

4.2.2.2 Status og utviklingstrekk

Støy er eit av miljøproblema som påverkar flest menneske i Norge. I Ulstein kommune er det vegtrafikken som utgjør den største støykjelda. Ulstein er ei kommune i vekst. Kommunen er eit service- og handelssentrum i regionen. Saman med mange arbeidsplassar medfører dette ein stor grad av arbeidspendling inn og ut av kommunen. Også bustadveksten dei siste åra har bidrege til auka trafikk. Sett i samanheng med det overordna målet om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er det viktig å fortette i sentrum og rundt eksisterande infrastruktur i krinsane slik at flest mogleg kan gå, sykle eller reise kollektivt. I krinsane er støy generelt sett vesentleg mindre enn i sentrum, og ein kan skjerme bustadande med støyvollar, vegestasjon eller liknande ved behov. Men langs fv. 61 og dels også langs fv.653 (Eiksundvegen) er det såpass stor trafikk at det i mange tilfelle må gjerast støyvurderingar knytt til planar og einskildtiltak. I sentrum er målet å legge til rette for ei meir bymessig fortetting med handel- og servicefunksjonar med opne og utoverretta fasadar i 1.etasje, med eit stort innslag av bustadar i etasjane over. I sentrum vil oppføring av støyskjermande tiltak derfor vere lite føremålstenleg.

4.2.2.3 Planløysing

I samsvar med stateleg retningslinje T-1442/2012 er det i arealplanen lagt inn eit støyvarselkart som viser gule og raude soner for særleg støyutsette område. Det er innarbeida føresegnar som set krav til bebyggelsen og sikrar at støyfølsame føremål får tilstrekkeleg kvalitet.

4.2.3 Utbygging bustadar

4.2.3.1 Mål

Hovudmålet om å rasjonalisere mest mogleg med tilgjengeleg areal er relevant for bustadbygginga, då denne står for ein vesentleg del av byggjeområda.

Av delmåla i kapittel 2 nemner vi særskilt:

- Prioritet på fortetting av allereie utbygde område
- Prioritet på lokalisering med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur
- Leggje til rette for bustadbygging i alle krinsar
- Leggje til rette for bu og byggjetilbod for alle, uavhengig av alder og funksjonsgrad

I dette legg vi å prioritere fortetting med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur i sentrum, og leggje til rette for bustadbygging i alle krinsar i tilknytning til allereie utbygde område, med

utgangspunkt i eksisterande infrastruktur. Vidare skal det leggest til rette for bu- og byggjetilbod for alle, uavhengig av alder og funksjonsgrad.

4.2.3.2 Status og utviklingstrekk

Folketalet i kommunen har auka sterkt på grunn av tilflytting, og det har difor vore stor etterspurnad etter bustadar. Framskriving av folketalet syner framleis vekst, men med nedgangen som har vore i næringslivet er det ikkje sikkert dette vil auke like kraftig som tidlegare. Siste åra har husvære i to- og fire-mansbustadar, i blokk og kombinertbygg stått for ein aukande del av behovsdekkinga. Men einebustad er framleis den dominerande bustadforma i kommunen.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	Totalt
Framskriving folketal	8430	8573	8723	8877	8996	9119	9232	9358	9466	9593	9716	9836	9958	10079	
Årleg framskriven folketalsauke	138	143	150	154	119	123	113	126	108	127	123	120	122	121	1787
Behov nye bustadar (3 pers. pr. bustad)	46	48	50	52	40	41	38	42	36	43	41	40	41	41	599
Behov for nye bustadar (SSB-faktor, 2,41 pers. pr. bustad)	58	60	63	64	50	52	47	53	45	53	52	50	51	51	749

Tabell 1: Framskriving av folketalet og behov for nye bustadar

Tabellen under syner ei oversikt over talet på brukseiningar i bygg som er gitt ferdigattest eller mellombels bruksløyve årleg frå 2010-2016 i Ulstein kommune. I snitt for heile kommunen vart det tatt i bruk om lag 88 bustadar pr. år.

Årstal	Bustadar tatt i bruk/gitt ferdigattest/midlertidig brukstillating
2010	48
2011	63
2012	73
2013	142
2014	91
2015	151
2016	50

Tabell 2: Bustadar tatt i bruk årleg 2010-2016.

4.2.3.3 Tomtesituasjonen 2017

I område som alt er regulerte eller som er under regulering er det tomteareal for mange bustadhus og husvære. Det meste av arealet er i privat eige, og for ein stor del heller ikkje byggjeklart.

Tabellen nedanfor syner krinsvise tomtreservar pr. mars 2017 etter frittliggande og konsentrert utbygging og eigarskap. For areal regulerte til "vanleg" konsentrert utnytting er det i overslaget rekna 3 husvære pr. dekar. Det er ikkje teke omsyn til blokkbebyggelse der ein vil få fleire bueiningar i

høgda. I tillegg til talet på husvære, er det p.t. elles fleire ledige husvære i allereie oppførte bustad- og kombinertbygg.

Krins	Einebustadtomter		Kons. Utbygging daa/bueining				Sum krinsvis tomter + bueining
	Komm.	Privat	Komm.		Privat		
			daa	BE	daa	BE	
Flø	1	2					3
Ulstein/Skeide		48*			17,5	54	102
Ulsteinvik	17	85	20,8	60	18,8	54	216
Hasund/Sundgot	5	38			1	3	46
Dimna	25	5			1,3	3	33
Haddal	12	16	3,7	11			39
Eiksund	5	19					24
Kommunen	65	213	24,5	71	38,6	114	463

Tabell 3: Tomtereservar pr. mars 2017

* Ulstein kommune jobbar med grunnerverv på Skeide

4.2.3.4 Planløsning, arealbehovet for planperioden 2017-2029

Med ei framskriving av dei siste års bustadbygging og eit påslag for auka vekst i folketalet kan eit stipulert behov for nye bueiningar i kommunen i planperioden vere i storleik 600 -750. Vi har, som synt i tabell 1, tidlegare rekna i snitt tre personar pr. bueining, medan Statistisk sentralbyrå (SSB) sin faktor for personar pr. bueining i Ulstein er 2,41. Det kan vere meir reelt om ein reknar med at det vert fleire åleinebuarar framover.

Utviklinga i retning av aukande tal bueiningar i fleirhusvære-bygg og relativt færre einebustader vil gjerne halde fram, og bør også stimulerast ut frå målet om arealøkonomisering. Her vert lagt til grunn ei fordeling 40/60 (einebustadar/konsentret). Samla behov vert då 240-300 einebustader og 360-450 bueiningar i form av tettare utbygging. I arealet for einebustader vil der også verte ført opp to-mannsbustader. Store delar av bueiningane for tettare utnytting må kome i blokker i og i nærleiken av sentrum av Ulsteinvik både som fortetting i allereie utbygde område og på ledige areal som t.d. i Holsekerdalen.

Det vil vere vanskeleg å fastslå kor stor del av dei private tomtereservane som vert byggjeklare og tilgjengelege for dekking av behovet. Kommunen må syte for at tomtetilbodet til ei kvar tid er variert, tilstrekkeleg og allment tilgjengeleg, anten ved sjølv å vere utbyggjar eller gjennom utbyggingsavtalar med private tiltakshavarar. Ein viss reserve medverkar til å halde tomteprisnivået akseptabelt. Det vert lagt til grunn at behovet for einebustadtomter kan dekkast i dei områda som er regulerte, er under regulering eller er avsette i dette planframlegget.

4.2.3.5 Fortetting av sentrumsnære bustadområder

Det er eit overordna mål å vidareutvikle og fortette allereie utbygde område nær sentrum. Ei slik utvikling er i samsvar med eit utbyggingsmønster basert på samordna areal- og transportplanlegging.

Ulsteinvik har form som eit amfi, der sentrum ligg på flata omkransa av bustadbebyggelse og med fjella som silhuettar. Det har vore stor vekst i antal innbyggjarar i Ulsteinvik siste åra, og bustadveksten har i all hovudsak vore i form av einebustadar eller kjeda bustadar. Dette er ei arealkrevjande form for utbygging, og har ført til at bebyggelsen strekkjer seg lengre og lenger ut frå sentrum og pressar på grensa mot fjell- og friluftsområda. I kommuneplanen er det ikkje lagt ut nye bustadområder mot fjellet i Ulsteinvik. I staden opnar kommuneplanen for ei generell fortetting av eksisterande sentrumsnære bustadområder.

Dei sentrumsnære bustadområda vart i hovudsak bygde ut på 60 -70 talet, og består av einebustadar på

to etasjar inkludert loft eller kjellar. Amfiforma på landskapet gjer at bustadane stort sett ligg langs horisontale gater som fyljer kotene, og har utsikt mot sentrum og sjøen over bygnadane nedanfor. Dette er kvalitetar det er viktig å ta vare på. Ei fortetting med altfor høge og massive bygg vil verke framande i landskapet om ein ser på fjernverknaden, eller frå sentrum, men vil fyrst og fremst ha ein negativ nærverknad og forringe bukvaliteten på dei eksisterande bustadane i området.

Det vert lagt inn krav i føresegnene til høgde og volum.

Høgde

Ved fortetting innanfor eksisterande bustadområde må fjern- og nærverknaden dokumenterast gjennom snitt og 3D-illustrasjonar.

Som regel skal nye bygg innordne seg gatestrekingas dominerande høgder. Med dominerande meinast framtrekande eller gjennomsnittleg, og ikkje den høgaste eller lågaste. Dominerande høgde skal reknast ut etter bygnadane på same side av gata og i eit strekk på inntil ca. 100 meter til begge sider. Der kommuneplanen legg til rette for ei utnytting på BYA= 40%, kan det vurderast maksimal gesims/mønehøgde inntil 1. etasje over den dominerande høgde i området.

Volumoppbygning

Ved fortetting skal nye bygningar innordne seg eksisterande bebyggelse med tanke på oppdeling av fasadelengder. Bygningar med fasadelengde på over 18 meter skal delast opp i dei to øvste etasjane slik at bygget framstår med fleire mindre volum.

Fortetting skapar også press på eksisterande grønstrukturar og friområde. Dette er behandla under pkt. 4.2.3.8

4.2.3.6 Særskilde behov

I vedteken bustadsosial handlingsplan er det bede om at arealplanen må ta omsyn til arealbehov som går fram av den og andre planar, til dømes omsorgsbustader og tilpassa bustader for ulike behov.

Dette behovet kan arealmessig dekkast anten innanfor ordinært utlagde bustadareal i planen eller som øyremerka areal innafor areal avsett til offentleg og privat tenesteyting/offentlege formål i godkjende reguleringsplanar.

Erfaringsmessig syner det seg å vere svakt grunnlag for å leggje ut areal til offentleg formål andre stader i kommunen enn i Ulsteinvik. I dei andre krinsane bør difor behovet dekkast innanfor utlagt bustadformål. I Ulsteinvik er det naturleg å leggje til rette for areal knytt til Alvehaugen og Ulshaugen, i tillegg til Reitengrenda, men også helsestasjonstomta, Kringsjø og Skollebakkentomta kan vere aktuelle.

4.2.3.7 Nye område

Overslaga over behov og tilgang er usikre av fleire grunnar. Dessutan vil etterspurnaden kanskje ikkje vere i samsvar med eksisterande tilbod lokaliseringmessig, t.d. ut frå sosial- og familiemessig tilknytning eller andre lokale tilhøve. Dette gjeld helst utanom sentrumskrinsen. Der det elles ikkje er i vesentleg konflikt med andre bruksformål er det difor samla lagt ut areal til bustadformål utover det ”matematisk” naudsynte, både for å imøtekome ynskje og for å stimulere til busetting.

Ein del areal som vart lagt inn ved førre rullering er ikkje utbygde og det er ikkje utarbeidd detaljreguleringsplan. Dette vert oppretthaldne i planen:

Lokalisering	Id	Type, utnytting	Dekar i alt	Merknad
Flø: Rinden nord	B1	Frittliggande	8	Inkludert eksisterande

Ulsteinvik: Høddvoll Saunes Saunes	B8 B9 B10	Frittl. Og kons. Frittl. Og kons. Frittl. Og kons.	8 9 11	Regulert til barneskule Regulert til landbruk Regulert til landbruk
Hasund/Sundgot Sundgotlegene Skjerva	B23 B25	Frittliggande Frittliggande	12 6	Inkl. eksisterande
Dimna: Vågeskar Trælstøylen	B27 B29	Frittliggande Frittliggande	38 17	Inkl. eksisterande
Sum			109	

Tabell 4: Oversikt over gjeldande/eksisterande, uregulerte område for utbygging til bustadformål.

I høve til tidlegare kommuneplan/godkjende og i gangsette reguleringsplanar er desse områda utlagde i planen (jf. konsekvensutgreiing):

Lokalisering	Id	Type, utnytting	Dekar i alt	Merknad
Skeide: Skeide utmark	B102/B103	Frittl. og kons.	186	
Sentrum: Mylna	B104	Konsentrert	2	
Hasund/Sundgot: Joelva Sundgot	B106 B105	Frittl. og kons. Frittl. og kons.	44 4	Inkl. eksisterande
Dimna: Tueneset	B107	Frittliggande	6	
Sum			242	

Tabell 5: Oversikt over nye, uregulerte område i planen for utbygging til bustadformål

4.2.3.8 Uteopphaldsareal

Det er eit overordna mål å vidareutvikle og fortette allereie utbygde område. Ei slik utvikling er i samsvar med eit utbyggingsmønster basert på samordna areal- og transportplanlegging. Fortetting skapar også press på eksisterande grønstruktur som friområda ved sjøen, leikeplassar og anna grøntareal. Sjølv om arealplanen tek utgangspunkt i eksisterande infrastruktur, vil fortetting stille større krav til fellesareala. Dette er eit viktig tema i alle krinsane, men presset er størst i Ulsteinvik. I tillegg til den veksten som allereie har funne stad, er det forventa og lagt til rette for stor vekst i kommunesenteret Ulsteinvik i åra framover. I tillegg til ei fortetting av eksisterande bustadområde med fleire einingar, er det eit mål å etablere bymessige strukturar med kompakte bustad- og fleirfunksjonsbygg i sentrum i tråd med retningslinjene for samordna bustad, areal- og transportplanlegging. For å sikre ei stabil og samansett befolkningsgruppe i sentrum må det leggjast til rette for gode uteopphaldsareal som femnar alle aldersgrupper og behov. Bebuarande må ha både private balkongar eller terrassar, felles uteareal på terreng, og tilgang til offentlege parkar og aktivitetsområde. Innanfor byggesona i kommunen vil det vere føremålstenleg å definere forskjellige

krav til privat, felles og offentlege uteopphaldsareal etter sentrumsnærleik og grad av fortetting.

I føresegnene vert krava til uteareal differensierte ut frå områdekategori.

Kategori 1: Fortetting av eksisterande småbustadområder

Fortetting av eksisterande einebustadområde med fleire bustadar på mindre areal, og nedbygging av resttomter og gamle frukthagar m.m. krev at ein samstundes etablerer felles og offentlege leikeplassar innafor bustadområda, med gangavstand for dei minste og mellomstore borna. For dei største borna og ungdomane vil ei oppgradering av skulane sitt uteareal og tilgang til offentlege parkar og idrettsanlegg, kunne fungere som aktivitetsområde og samlingsplassar.

Eit av hovudmåla for arealbruken i kommuneplanen er å fortette eller utvide allereie utbygde område med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur. Innanfor eksisterande bustadstruktur med einebustadar langs ei lang gate, vil det ikkje vere gjennomførbart å etablere nærleikeplassar innanfor ein gangavstand på 50-100 meter utan at ein må ekspropriere eigedomar mellom bustadhusa. Ein vil heller ikkje få til gode og trygge tilkomstar direkte frå dei einskilte bustadande. I desse områda vil det vere meir føremålstenleg å sette av tilstrekkeleg areal til uteopphald for dei minste borna innanfor kvar enkelt tomt. Ved søknad om tiltak skal det gjerast greie for kvalitetar og utforming av leike/uteopphaldsarealet.

Kategori 2: Nye småbustadområder

For nye bustadområder vil det vere føremålstenleg og gjennomførbart å stille krav om nærleikeplassar og kvartalsleikeplassar i tråd med råda frå fylkeskommunen.

Kategori 3: Utviklings- og fortettingsområda i sentrum

I Ulsteinvik sentrum skal det i all hovudsak etablerast fleirmannsbustadar i form av bustadblokker. I desse områda vil ei fordeling av uteopphaldsarealet mellom privat, felles og offentleg areal vere ein gjennomføringsmodell som byggjer opp om ønske om ei bymessig utvikling i tråd med samordna bustad-, areal- og transportplan.

Det er lagt inn føresegner som set krav til uteopphaldsareala for dei forskjellige kategoriane bustadområde. Føresegnene definerer både krav til utstrekning, minimum størrelse og fordeling mellom privat-, felles- og offentleg areal.

4.2.4 Utbygging hytter og naust

4.2.4.1 Mål

Av mål som har direkte innverknad på omfang og lokalisering av byggeområde for hytter og naust kan nemnast:

- sikre areal for rekreasjonstilbod
- unngå utbygging og inngrep i:
 - større samanhengande og lite påverka naturområde
 - inngrepsfrie strandområde og strandnære areal av noko lengde
 - inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar
 - eksisterande eller moglege friluft- og utfartsområde (badeplassar o.a.)

4.2.4.2 Status og utviklingstrekk

Hytter:

I gjeldande kommuneplan er det generelt forbod mot spreidd hyttebygging, noko som har medverka til at utlagde område er regulerte med ei rekkje godkjende hyttepunkt. Utover dette er det mange spreidde hytter, i tillegg til nokre frådelt, ubebygde tomter. For dei ulike regulerte område er status fylgjande:

Område	Totalt regulerte	Ledige
Brørevatnet	17	12
Littlevatnet, Ulstein	29	20
Hatløya (3 planområde)	30	18
Fjelle	42	24
Løset	67	43
Håheim	11	5
Eika sørside	76	51
Sum	272	173

Tabell 6: Oversikt over regulerte og ledige hyttetomter.

Hyttebygginga er avgrensa i kommunen (0 – 3 pr. år), trass i ein viss etterspurnad etter tomter. Utan å ha gjort nærare kartlegging synest interessa å vere størst for tomter nær sjøen. Årsakene til lite bygging er fleire, m.a. grunneigar si haldning til sal, tomtepris, attraktivitet, manglande køyretilkomst til tomtene.

Naust:

Nausttomter med køyretilkomst er ettertrakta. I regulerte naustområde er det framleis ledig areal for mange naust, i alt vel 100. Mange tomter er frådelt, men ikkje bebygde. Områda er spreidde, og fleire utan vanleg køyretilkomst. Utanom dei regulerte områda er det ein del frådelt, spreidde einskildtomter. I kommuneplan frå 1992 var det utlagt nokre område som ikkje er regulerte, og som har plass til om lag 50 naust. Regulering og utbygging er avhengig av grunneigar si interesse, og er såleis usikker.

Tendensen har gått i retning av større og større naust, gjerne med loft. Det å kunne drage inn ein båt synest berre å vere eitt av motiva for bygging. Fleire naust har preg av å vere for fritidsopphald, om ikkje for overnatting.

4.2.4.3 Planløyising

Hytter

Ulstein kommune har ein variert natur med mange flotte friluftsområde, og ein spennande skjergard som eignar seg til mange former for fritidsaktivitetar. Ut frå eit folkehelseperspektiv er det eit mål å legge til rette for at enda fleire brukar naturen som rekreasjonsområde. Å leggje til rette for hyttebygging kan vere ein måte stimulere til friluftsliv på, men det er då viktig å vurdere lokaliseringa nøye med omsyn til moglege konflikhtar i forhold til attraktive og verdfulle naturområde, allment friluftsliv, eller potensiale for framtidig bustadområde.

Naust

I og med at det framleis er relativt mange nausttomter i godkjende planar, skulle det ikkje vere grunn til å leggje ut nye, større område som lett kjem i konflikt med overordna omsyn. Område ved Spjutøysundet som vart tatt ut av planen i førre rullering vert lagt inn igjen, då ein ikkje ser området som særleg konfliktfylt. Medan område sør for Ulsteinelva ikkje vert endra, då dette vart gått djupt inn i ved siste rullering.

Rorbu

Det har ikkje vore stor tradisjon for private rorbuer i kommunen. Areal vert lagt ut på Garnes til dette formålet. Det vert knytt føresegnar til utforminga for å skilje mellom naust, hytter og rorbuer.

4.2.5 Offentleg og privat tenesteyting

4.2.5.1 Mål:

- fortetting av allereie utbygde område
- lokalisering av nye utbyggingar med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur

4.2.5.2 Status og utviklingstrekk

Offentleg tenesteyting

I tråd med den generelle veksten og sentraliseringa har talet på offentlege arbeidsplassar auka i Ulsteinvik, med spreing av tenestetilboda på ei rekkje lokalitetar. Statlege og einskilde kommunale tilbod er etablerte som leigetakarar i ulike private bygg. For dei som treng tenestene hadde det vore ein føremon med større grad av samlokalisering, men utviklinga med redusert behov for personleg frammøte gjer at ulempene med slik spreing gjeld stadig færre.

Arealtilgangen er knapp for fleire sentrale formål innan oppvekst og omsorg. I Ulsteinvik har vidaregåande skule, folkehøgskulen og ungdomsskulen tilstrekkeleg areal. Situasjonen for Ulsteinvik barneskule har vore vanskeleg over tid, men har betra seg etter at Ulstein kommune løyste inn Vik-eigedommen.

Ulstein skule og Haddal skule har god arealtilgang. Hasund skule er pressa arealmessig, men her er det regulert utvidingsareal. Skulane på Fløy, i Dimna og Eiksund er nedlagde.

Utviding av barnehagekapasiteten i kommunen må etterkvart skje ved nyetablering.

Innanfor omsorgssektoren er det regulert utvidingsareal rundt Ulshaugen for fleire omsorgsbustader. På området rundt Alvehaugen er det og plass til fleire omsorgsbustadar. Omsorgsbustadane kan gjerne vere samlokalisert med andre funksjonar. Det som er viktig er at ein ikkje har for mange omsorgsbaser, at der er god kommunikasjon mellom dei og at bustadane ligg i sentrum.

Ulstein kyrkje er for lita i høve til folketalet. Kyrkjegarden på Osnes har kapasitet berre for nokre få år med det areal som er godkjent etter gjeldande plan. Det har vore arbeid med lokalisering og planlegging av eventuell ny kyrkjegard, men kommunestyret har gjort vedtak om at også framtidig kyrkjegard skal vere på Osnes.

Brannstasjonen har for lite areal. Bygget sin tilstand elles er slik at det ikkje vil vere mogeleg å halde i gong ei lovleg, forsvarleg og tilfredsstillande teneste utan at det vert bygt ny stasjon.

Administrasjonen meiner at den nye stasjonen må byggjast på parkeringsplassen ved småbåthamna i sentrum, men teknisk utval og formannskapet har bede om at det vert utgreidd fleire alternative plasseringar. Denne utgreiinga vil gå parallelt med at arealdelen ligg til offentleg ettersyn og høyring. Plasseringa kan vonleg innarbeidast før planen blir vedteken.

Privat tenesteyting

Særskilde, nye areal for privat tenesteyting er ikkje utlagt. Det vert lagt til grunn at vidare sentrumsutvikling gir rom for så vel ekspansjon av eksisterande, som etablering av nye tilbod.

Når det gjeld barnehagar, vil det etterkvart vere behov for å auke kapasiteten, jf. prognose for folketalsutviklinga. Det vert lagt til grunn av utbygging skal skje i kommunal regi, fortrinnsvis i sentrum som eit ledd i å gjere sentrumsområdet meir attraktivt og aktivt for alle aldersgrupper.

Konkret framlegg til areal er lagt til Halsekerdalen. Det er og lagt inn areal til etablering av barnehage i tilknytning til eksisterande bustadområde på Hasund. Etter innspel frå innbyggjarane er det også lagt inn eit område for offentleg og privat tenesteyting ved Hasundgot stadion. Vidare utgreiningar må avgjere kva areal som skal nyttast til barnehage.

4.2.5.3 Planløyising

Offentlege formål

Ulsteinvik barneskule har i dag allereie eit høgt elevtal på knappe areal, og elevtalet vil auke med omlag 50 i planperioden. Alternativet til utviding av barneskulen sitt område vil vere etablering av ein ny skule annan stad, og eller oppheving/endring av opptaksområde. Fagleg og driftsmessig vil det ikkje vere den beste løysinga å etablere ein ny skule, og det å splitte naturlege bygde- og grendelag er heller ikkje ynskjeleg. Ein har difor konkludert med å utvide skuleområdet mot sørvest (sentrum) med best mogleg samordning med Ulstein Arena som vert bygt m.a. for å stette behovet for fasilitetar til gymnastikk- og symjeundervisning for sentrumsskulane. Det er planlagt utviding av Ulsteinvik barneskule med ei ny fløy for å stette behovet pr. i dag, samt dei behov ein ser for framtidig befolkningsvekst i sentrumskrinser.

Ein større aktivitetspark/sentrumspark kan etablerast i området Ulstein Arena/Ulsteinvik barneskule/Ulstein ungdomsskule. I tillegg til dette er det lagt ut offentleg formål ved Hovset utmark/Anholen, som eventuelt kan brukast til skuleområde i framtida.

Ny kyrkje er tenkt plassert i tilknytning til eksisterande kyrkje, men utanfor kyrkjemuren mot vest for å unngå konflikt med kyrkjegarden og kulturminna der. Det er starta opp detaljregulering av området.

Når det gjeld gravplass er det vurdert med omsyn til framskriving av folketal og omløpstid at det bør settast av om lag 10,5 daa for å stette behovet dei neste 30 åra, medan det for dei neste 40 åra bør settast av om lag 15,5 daa. Det er vurdert fleire alternativ på Osnes; nedre Osnes mot Solaberget, øvre Osnes på Oshaugflata mot Fløvegen og arealet mellom Fløvegen og Oshaugen inkludert det bebygde området ved Vollesanden. Det er gjennomført konsekvensutgreiing med omsyn på kulturminne og kulturmiljø for heile Osnes og områda vert ansett å ha middels til stor verdi. Meir omfattande utgreiing om gravplass vil fylje handsaminga av saka. I møte om utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn valde styringsgruppa å oppretthalde alternativ 1 til grav- og urnelund, men utan G103. Det vart vidare lagt vekt på at ein i planperioda må arbeide for å legge til rette for at fleire vil velje kremering framfor å gravleggast i kiste, og på den måten redusere arealbehovet til gravplass i framtida. Arealet i alternativ 1 er merka av i plankartet som G101-G102.

Brannstasjonen bør liggje nær hovudvegen på strekninga Osnesvegen-Saunes, så lenge det ikkje er snakk om kasernert vakt (døgntinuerleg vaktstyrke som er på stasjonen). Her er ikkje mange ledige tomter. Alternative plasseringar til parkeringa ved småbåthamna kan vere tomt mellom Ulshaugen og Amfi og tomt aust for Støylesvingen. Begge alternativa er eigna, men sistnemnde tomt kan gje problem i høve utrykkingstid for enkelte av deltidsmannskapa.

4.2.6 Fritids- og turistformål

4.2.6.1 Mål

Ulstein bør vere ei attraktiv kommune for besøkande og difor bør det utviklast eit breitt overnattingstilbod for fleire ulike grupper. I tillegg til eit breiare utval av overnattingstilbod, er det også eit ønskje at kommunen får ei organisert bubilparkering med tilhøyrande fasilitetar. Det er vidare eit mål å vidareutvikle og legge til rette for auka bruk av allereie opparbeidd friluftsområde og då spesielt Borgarøya. Frå samfunnsdelen gjeld fylgjande mål for områda som er foreslått til fritids- og turistformål:

- sikre areal for rekreasjonstilbod
- unngå utbygging og inngrep i:
 - større samanhengande og lite påverka naturområde
 - inngrepsfrie strandområde og strandnære areal av noko lengde
 - inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar
 - eksisterande eller moglege friluftsfri- og utfartsområde (badeplassar o.a.)

4.2.6.2 Status

Ulstein kommune har ein flott natur med ein spennande skjergard som eignar seg til mange former for fritidsaktivitetar. Tilbakemeldingar frå både tilreisande og fastbuande er at Ulstein kommune manglar gode og varierte overnattingsmoglegheiter i nærleiken av sjøen. I tillegg til Ulstein Hotell er det i dag berre Flø feriesenter som driv med organisert utleige ved sjøen. Borgarøya inngår i ei lita øygruppe saman med Hatløya, Kalvøya og Håkonsholmen m.fl. rett utanfor Ulsteinvik sentrum, og utgjer eit flott tur og fritidsområde. Den gamle handelstaden på Borgarøya er statleg sikra som friluftsområde for ålmenta. Øyane er i dag berre tilgjengeleg med privat båt noko som legg føringar for korleis området vert brukt i dag, og avgrensar moglegheita for utvida bruk for større arrangement.

4.2.6.3 Planløyising

Fritidshus/utleigehytter

Det har ikkje vore stor tradisjon for fritidshus/utleigehytter i strandsona kommunen. På same måte som sjøbuer med kai, vil fritidshus i sjøkanten privatisere ein del av strandsona. Fritidshus i strandsona bør derfor primært vere lagt til rette for utleige, og konsentrerast på strandområde der det allereie er gjort inngrep eller på områder med liten grad av verdi som utfarts- og friområde. I planen vert det lagt ut areal for fritids- og turistformål i Hellestøa, eit område på Tueneset og på Garnes.

Det vert knytt føresegnar til utforminga.

Det vart ved sist rullering sett av areal for fritids- og turistformål i Eiksund, ved den gamle ferjekaia, men området har så langt ikkje vorte regulert.

Bubilparkering

Det er frå tidlegare lagt til rette for bubilparkering på parkeringsplassen bak Ulstein Arena. Det er her tenkt sambruk. I kvardagane er dette parkering for lærarane ved skulen, medan den i helgar og feriar kan nyttast av turistar i bubil. Det er elles eit par område i sentrum som er regulerte som kan høve til mellombels parkering for bular.

Borgarøya

Borgarøya er ein gamal handelsstad og ei historisk kulturperle med stor rekreasjons- og opplevingsverdi. Hovudbruket er innløyyst av staten som statleg sikra friluftsområde medan Ulstein kommune eig bygningane. Hensikta med å kjøpe handelstaden på Borgarøya var å sikre arealet for ålmenta til bruk for friluftsliv. Det er eit mål å utvide bruken av Borgarøya og på den måten betre ta vare på bygningane og kulturlandskapet. Dei fleste av forslaga som har kome fram for å fremje auka bruk, ligg innanfor gjeldane retningslinjer for bruk av det statleg sikra området og er i tråd med LNF-formålet. Det er ikkje lenger aktuelt å drive landbruk på handelstaden. Ei vidareutvikling av området i form av tilrettelegging med brygger, badeplattformer m.m. og moglegheit for å oppføre eit nytt bygg på dei eksisterande murane til det gamle fjøset inne på øya, vil krevje dispensasjon frå LNF-formålet. For å sikre ei langsiktig og føreseieleg utvikling er det mest føremålstenleg å omregulere området til fritids- og turistformål. Det er utarbeida føresegnar som sett krav til at Borgarøya skal regulerast med vekt på å ta i vare dei kulturhistorisk verdifulle kvalitetane i kulturlandskapet og bygningane på gnr. 36, bnr. 1.

Fleire tiltak som er nemnt i andre kapittel vil vere positivt for turisme i kommunen.

4.2.7 Næring

4.2.7.1 Status

Dei skipsrelaterte næringane står sterkt med kompetansemessig positiv utvikling og omstilling, og er utan samanlikning det sterkaste næringssegmentet i kommunen. Arealsituasjonen for desse næringane er god. I Ulsteinvik har det skjedd ei miljømessig positiv utvikling i det ein større del av produksjonsarbeidet skjer innandørs.

Etablering av nye, og utviding av eksisterande verksemdar, skjer elles på det jamne i Saunesmarka. I Haddal ønskjer Ulstein betongindustri å utvide sitt produktområde med bygging av flytande betongkonstruksjonar (flåtar og bryggjer/bylgjebrytarar).

Kvalneset

Ulstein Betongindustri sitt knuseverk på Kvalneset er i dag det einaste anlegget for råstoffutvinning i Ulstein kommune. Årleg produksjon ligg på om lag 70-80000 tonn knust masse, fordelt på alle fraksjonar og dekkjer ein vesentleg del av behovet for slik masse i Ulstein og delar av grannekommunane. Ulstein Betongindustri i Haddal ynskjer å utvide sitt anlegg for å halde tritt med etterspurnaden innanfor produksjonsområde som omfattar flytande betongkonstruksjonar (flåtar, bryggjer og bylgjebrytarar m.m. Utvidings moglegheitene ved anlegget i Haddal er begrensa og produksjonen av flåtar m.m. føreset gode utskipingsforhold. Ulstein Betongindustri ynskjer derfor å leggje delar av produksjonen på Kvalneset, i strandsona i forlenginga av knuseverket.

4.2.7.2 Planløsning

Ein vurderer det slik at områda på Osnes (Ulstein konsernet og Rolls Royce) har arealmessig potensiale for ytterlegare næringsutvikling, noko verksemdene har gitt positive signal om å fylgje opp. Det er difor ikkje lagt inn utviding av desse områda. I tillegg til Saunesmarka har også fleire andre område som er regulerte eller utlagde i tidlegare kommuneplan rom for nyetablering/utvida aktivitet. Det er difor ikkje utlagt nye område for industri-/næringsretta verksemd. På Lyngneset som tidlegare har vore antyda som areal for sjøretta industriområde vert det ikkje lagt inn formål som sperrar for utbyggingsformål i framtida. Ein føresetnad for å vurdere inngrep må vere sterkt dokumentert særskilt behov.

Kvalneset

Det vert lagt inn eit næringsareal på Kvalneset som opnar for at etablering av industri i strandsona. Det er lagt inn føresegnar med krav til byggegrenser og vurdering av fjernverknad. Vidare er det lagt inn kvalitetskrav i føresegnene om at utbygging skal plasserast slik at den vert skjerma frå omgjevnadane. Det vert også sett vilkår om frigjeving av arealet med vilkår om utgraving.

4.2.8 Idrett og friluftsliv

4.2.8.1 Status

Når det gjeld idrettsanlegg i kommunen, har ein i dagens situasjon ikkje dei store arealmessige utfordringane.

Idrettsanlegg som er under utbygging eller planlegging, ligg innanfor regulerte areal avsett til føremålet. Innanfor området friluftsliv, har ein i kommunen mange muligheiter og utfordringar. Ulstein kommune har dei siste åra satsa på utbygging av turvegane og turstiar i utfartsområde og dei nære fjellområda. Etableringa av turvegane i Bugardsmyrane, til Lisjevatnet og Mosvatnet, og på Gamleeidet, er døme på etableringar som skapar ny/auka aktivitet. Dette er både eit folkehelseiltak og eit tiltak som får fleire til å nytte seg av og bli glad i naturen. Utbyggingane og tilretteleggingane har vorte ein stor suksess, og turvegane har fleire hundre brukarar i løpet av ei veke.

No er det ikkje nytt at folket i Ulstein nyttar utfartsområda og dei nære fjellområda til trim og rekreasjon. Men det som viser seg som ei utfordring, er dei belastningane/slitasjen på terrenget som den auka bruken fører med seg. Terrenget i fjellområda er ofte vått og mykje trafikk fører difor til at dei gamle turstiane både blir til elvefar og myrlendte område. Bygging av turvegane med tilhøyrande klopper og grøfter er difor ikkje berre eit tiltak for turgåarane, men rett og slett tiltak for å ta vare på naturen. Utbygginga av turvegane skal skje så varsamt som mulig og inngrepa skal vere best mulig tilpassa terrenget. I eit folkehelseperspektiv er tilretteleggingar knytt til friluftsliv og turstiar særleg viktig. Ved desse og fleire andre turområde er no behovet for parkeringsareal blitt ei stor utfordring. For dei mest brukte stiane (til dømes Hasundhornet) er slitasjen så stor at avbøtande tiltak er naudsynte.

Ei anna utfordring som kommunen bør ha fokus på i planperioden, er turområde/turstiar tilrettelagt for rørslehemma. Prioriteringar og detaljering av dette arbeidet bør innarbeidast i komande års KIF-planar.

4.2.8.2 Planløyising

Utbygging av turvegane, turstiar og parkeringsareal i planperioden

Det vert i planperioden lagt opp til ei differensiering i utforminga av turvegane/turstiane. Det vert knytt føresegner til utforminga av dei forskjellige kategoriane.

Kategori A definerer turvegane med maks bredde på 2,5 meter. Turvegane er trasear tilrettelagt for ferdsel til fots – eventuelt med sykkel, rullestol, barnevogn eller liknande. Turvegane har stor grad av opparbeiding og gir god framkommelegheit. Turvegane tåler køyring med vedlikehaldsmaskiner og dei skal ha eit fast toppdekke som gir jamn overflate. Turvegane skal i størst mogeleg grad vere for heilårsbruk og kan ha belysning der dette er formålstenleg og fjernverknaden er avgrensa.

Kategori B definerer turstiar for ferdsel til fots med ein maksbredde på 1-1,5 meter. Stiane skal vere rydda for vegetasjon men med liten grad av opparbeiding av grunnen.

Kategori C definerer turstiar for ferdsel til fots med ein bredde på ca. 0,5 meter. Stiane skal vere rydda for vegetasjon, men utan annen opparbeiding av grunnen enn korte parti med klopper i stein eller tre.

Turvegane kategori A

Breifjellet – Årdalen

Turvegane Breifjellet – Årdalen er «siste byggesteg» i turvegtiltaka i Skeide og Osnes utmark og bind saman turvegen frå Gamleidet med turvegen i Årdalen til Lisjevatnet og Mosvatnet. Vi vil då få eit samanhengande turvegnett i området, til stor glede for dei mange turgåarane i området. Vegen skal vere godt tilpassa terrenget og ha minimalt med skjeringar og fyllingar.

Bugardsmyrane – Osberget

Det har ved fleire høve vore etterspurd turvegane med universell utforming. For dei fleste av prosjekta vi har gjennomført, har dette av naturlege årsaker vore vanskeleg å få til. Når det gjeld turvegen frå Bugarden til Skeide, har denne tilnærma universell utforming. Med utgangspunkt i denne vegen, kan ein legge ein universelt utforma turveg langs nordsida av Varden, via Kassen og til Osberget. Dette vil gi rørslehemma/rullestolbrukarar eit høve til å kome ut i naturen, litt opp i høgda og nyte ei fantastisk utsikt over Ulsteinfjorden, Osnes, Ulsteinskjergarden og Ulsteinvik. Turvegen vert om lag 800 meter lang, og går gjennom myrlendt terreng med ein del småskog. Sidan vegen skal ha universell utforming må ein nok tillate ein del meir tilrettelegging i form av skjeringar og fyllingar, utan at dette skal gi store inngrep i terrenget.

Turveg Alvehaugen

Turvegen på Alvehaugen er i hovudsak tenkt som eit rekreasjonstilbod for bebuarane på Alvehaugen. Vegen vil så langt det let seg gjere vere universelt utforma, og vil gå frå området ved lavvoen fram på kanten med utsikt over Ulsteinvik sentrum. Turvegen er tenkt som ei rundløype på om lag 200 meter.

Indre Haddal – Selvågtunnellen

Etter initiativ frå innbyggjarar i Haddal, er det ønskjeleg å få etablert ein turveg langs fylkesvegen og delvis på den gamle fylkesvegen, frå Indre Haddal til gamlevegen ved utløpet av Selvågtunnellen. Målet med tiltaket er å knyte saman Haddalbygda og utfartsområdet og «turvegen»/den gamle fylkesvegen frå Håheim til Selvågane. I tillegg vil dette vere eit viktig tiltak for barn og unge i Eiksundbygda, som har skule og fritidsaktivitetar i Haddal.

Turstiar kategori B

Gåsneset – Gåsnestua – Roppehornet

Eit ambisiøst prosjekt vil kunne vere å gjere dette til ein allfarveg, slik t.d. turstien til Saksa i Hjørundfjorden og Nesaksla/Rampestreken på Åndalsnes har vorte. Stien som i dag går opp sida under Ulsteinhetta er smal og til tider sleip. Utsikta frå «Gåsnestua» og heile vegen til topps på Roppehornet er det mange vil kalle spektakulær. Turstien bør utformast både med steintrapper, grusa/drenerte parti og enkel bru over elva frå Uldalen. Etter at turstien kryssar elva i Uldalen, får vi i hovudsak eit tørt og fint terreng som i all hovudsak blir utan tilrettelegging. Eit slikt prosjekt vil vere spennande og utfordrande, og må nok ha ein noko lengre horisont i høve gjennomføring.

Bugardsmyrane – Nibben

Ved innlegging av nye bustadfelt opp mot Nibben på Skeide vil desse ligge der det i dag går ein mykje nytta tursti. Det er difor lagt inn forslag til ny tursti frå Burgardsmyrane til Nibben. Dette vil verte ein grusa tursti med maks 1,5 m breidde.

Turstiar kategori C

Tursti rundt Løsetvatnet

Hytteeigarar ved Løsetvatnet har teke initiativ til utbetring og dels opparbeiding av turstien rundt Løsetvatnet. Turstien er i dag svært våt i enkelte parti, men med korte parti med steinsetting og klopper av tre vil turstien kunne bli eit mykje brukt tur og rekreasjonsmål gjennom heile året. Turstien vil gå i hovudsak i eksisterande trase/tursti, i lett turterreng og vert om lag 3 km lang. Av omsyn til hekkeområde til storlomen er det viktig at turstien i all hovudsak ikkje går ned til vatnet.

Tursti Legehaugane - Litlevågen

Turstien skal legge til rette for tilkomst til sjøen frå bustadområde på Legehaugane.

Fjellsvegen – Hasundhornet

Turstien frå Fjellsvegen til Hasundhornet har i mange år vore ein mykje brukt tursti. Hasundhornet er det mest besøkte turmålet i kommunen, noko som også turstien ber tydeleg preg av. Enkelte stadar er turstien eller myra, både 15 og 20 meter brei, og slitasjen på terrenget er stor. Målet må vere å etablere ein tursti frå Fjellsvegen, opp gjennom det våte området, og fram til toppen av Hasundhornet. Turen opp til Hasundhornet er ikkje spesielt bratt, og er difor overkommeleg som utfart for ein stor del av befolkninga. I tillegg vert turen lønna med ei fantastisk utsikt. Turstien vert om lag 1300 meter lang, 0,5 meter breidde, med klopper og grøfter.

Parkeringsplass Gamleeidet

I samband med auka utfart og auka utbygging og tilrettelegging, er det viktig at ein også ser på behovet for nye parkeringsareal knytt til utfartsområda. Eit slikt utfartsområde er Gamleeidet, som treng eit større parkeringsareal både sommar og vinter. Eit godt eigna areal til denne kan vere øvst i Varleite, mellom den gamle riksvegen og bommen. Bommen kan då flyttast 30-40 meter lengre opp mot gamlevegen over Hareidseidet, og vil gje plass til 20-40 personbilar.

Parkeringsplass Bugardsmyrane

Etter utbyggingane av fritidsområde, turveggar og Tufteparken Ulstein, har Bugardsmyrane vorte ein samlingsplass for både rekreasjon og aktivitet. Den utvida parkeringsplassen på Brunene har hjulpet på, men det er framleis utfordrande å finne parkeringsplassar i området dei fleste helger og utfartsdagar. Eit første tiltak bør vere å etablere ein HC-parkering for to til tre bilar der turvegen frå Bugarden startar. I tillegg bør ein sjå på om parkeringsarealet på Brunene kan utvidast meir.

4.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.3.1 Mål

- Det skal leggest til rette for brukartilpassa, miljøvenlege og trafikksikre kommunikasjonsløyningar i kommunen.
- Ulstein kommune skal arbeide aktivt for realisering av gode og framtidretta kommunikasjonsløyningar mot Ålesund, og for andre samferdselstiltak som er viktig for kommunen og regionen. Det skal leggest til rette for brukartilpassa, miljøvenlege og trafikksikre kommunikasjonsløyningar i kommunen
- Etablere sykkelparkering på kollektivknutepunkta i Ulsteinvik og Garneskrysset ved FV 61. I nye reguleringsplanar i sentrum skal det innarbeidast overbygd sykkelparkering
- Utbygging av gang- og, sykkelveggar i samsvar med vedteken trafikktryggingssplan som i lag med turveggar skal vere med å leggje til rette for ferdsel utan bruk av bil.

Gode kommunikasjonsstilbod er avgjerande for regionen si utvikling med sikte på storleik og samansetting av arbeidsmarknaden, og for tilgjengeleg breidde i handels- service-, kultur-, friluft- og rekreasjonsstilbod.

4.3.2 Utviklingstrekk

4.3.2.1 Samferdsel

Ettersom Hareidlandet ikkje lenger har fast anløp av kystgodsrute går det meste av godstransporten med bil, unntak er last direkte til og frå verksemdene. Dette medfører naturleg nok generelt auka belastning på vegnettet, utan at denne kan kvantifiserast i høve til annan vegtrafikk. Trass i sentrale mål om overgang frå veg til sjøverts transport (og bane) synest utviklinga å framleis gå i motsett lei. Etablering av ny terminal i kommunen for sjøverts gods- og persontransport vert såleis ikkje vurdert til å vere aktuelt i planperioden. Men det er viktig at kommunekeia i Ulsteinvik sentrum vert oppretthalden med tilfredsstillande sikringsmessig standard.

Ny hurtigbåtrute på strekninga Bergen-Ålesund eller lokal hurtigbåtrute frå Stadtlandet/Vanylven til Ålesund bør gå ytre skipslei og ha Ulsteinvik som stoppestad. Dermed vil ruta få kortare reisetid enn det indre alternativet, og få eit størst mogeleg trafikkgrunnlag. Det må i den samanheng vurderast

nærare om kommunekaia eller ny kai ved Sjøside kan nyttast som terminal. Der kan truleg også finnast andre alternativ. Eiksund og indre lei bør vurderast som alternativ, med tanke på at vêrforholda i ytre lei kan vere utfordrande med tanke på regularitet, men eit anløp i sentrum er likevel å føretrekke ut frå at det er her befolkningstyngdepunktet er størst.

I tråd med oppfylling av måla for regionen si utvikling er ein auke i persontrafikken naturleg. Kollektivtransporttilbodet på strekninga Hareid-Fosnavåg har utvikla seg i positiv retning og må seiast å vere godt med avgangar kvar time i tidsrommet ca. 07-19 på kvardagar. Til Ørsta/Volda og Sande/Vanylven er tilbodet noko svakare. I helgane er tilbodet generelt dårleg.

Med sikte på å avlaste vegnettet for personbiltrafikk må det vere eit mål å styrke kollektivtrafikktilboda og å leggje til rette for mjuke trafikkantar. Like fullt vil trafikkauken som fylgje av endringar i overordna struktur og regional utvikling medføre behov for kapasitetsauke i vegnettet.

4.3.2.2 Fylkesvegnettet

Eiksundsambandet vart gratis å nytte i 2014 noko som har ført til auka trafikk på sambandet og tilførselsvegane. For Ørsta/Volda kan vegval over Hareidlandet vere eit attraktivt alternativ for reise til og frå Ålesund og Vigra flyplass. Gjensidig auka trafikk mellom øyane og Ørsta/Volda (og Kvivsvegen) kan på den andre sida avgrense veksten noko i retning Hareid og Ålesund.

Hafast er valt som trase for framtidig stamveg E39. Ein stamvegtrase vil difor kome over Hareidlandet. Stad for fjordkryssing er ikkje valt, og dermed er landtrase framleis uavklara. Hareidlandet vil få ein stamveg der trafikkvolumet vert vesentleg større ved etablering av fastlandsamband mot Sula/Ålesund, men også i tida som fylkesveg må det reknast med vesentleg auke.

Prognosen for strekninga sør for Strandkrysset med ÅDT på 9500 køyrety i 2028 vil kunne sprekkje ut frå desse forholda.

På fylkesvegstrekinga sør for Strandkrysset i Ulsteinvik viser teljingar i 1996 og 2008 ein auke i ÅDT (årsdøgntrafikk) frå 6450 til 8140, med prognose for år 2028 på 9500. Dette basert på same fylkesvegnett som i 2008. I følgje Statens vegvesen sin database (www.vegvesen.no/vegkart) er ÅDT på strekninga i 2016 på 9370, så prognosen på trafikkvekst til 2028 vil openbert bli overskriden. Dersom ÅDT overstig 12000 tilseier vegnormalane 4-feltsveg. Dette volumet kan på lang sikt ikkje utelukkast på strekninga Garnes-Hareid grense, og vil eventuelt vere ei arealmessig stor utfordring. Men det blir neppe kapasitetsproblem på strekninga i planperioden.

For Strandvegen (fylkesvegen) mellom Glopen og Sjøgata har ÅDT auka frå 6750 i 1996 til 8750 i 2008. Denne trafikken har gått noko ned etter at ny veg i Holsekerdalen vart etablert, og vegkartet nemnt over viser 7940 for år 2016. Dermed vil ikkje denne strekninga få kapasitetsproblem i rushtrafikkstimen i planperioden.

Gang- og sykkelvegnettet langs fylkesvegane er mangelfullt sjølv om kommunen har fått god prioritet ved søknader om 50/50-finansiering av trafikktryggingstiltak i mange år. Auke i personbiltrafikken medfører tilsvarende miljøbelastning og krav til kapasitet.

4.3.2.3 Kommunalt vegnett

I Ulsteinvik har det sidan 2008 vorte vesentlege betringar av trafikktilhøva ved følgjande tiltak:

- ny fylkesveg frå Krushammaren til Halseneset
- bygging av Øvrevegen inkludert fortau langs vegen i Bugarden
- ny samleveg i Holsekerdalen

I 2015 vart det ved reguleringsplanvedtak for skuleområdet i Ulsteinvik avklara at det ikkje skulle byggjast ny sambindingsveg mellom Gjerdegata og Bakkegata, men i staden skal Skulebakken

oppgraderast. I trafikktryggingsplanen vedteken våren 2016 er fortau langs Bakkegata frå skuleområdet til Reiten av dei prioriterte tiltaka. Dessutan vil det bli lagt til rette for avstigning frå bil ved Ulstein Arena og bussoppstilling langs Gjerdegata vil bli flytta til nordsida av gata. Ved gjennomførte og planlagde tiltak, vil trafikktilhøva ved skuleområdet i Ulsteinvik verte vesentleg betra.

Kommunalt vegnett elles i kommunen knyter det seg ikkje vesentlege planfaglege utfordringar til, men det manglar ein del gang- og sykkelveggar og fortau. Nokre av desse behova går fram av plankartet.

Ein del av dei kommunale samlevegane har såpass høge trafikktalet at det vert behov for støyskjerming mot bustadareal og andre støyømfintlege område. Støyskjermar er ofte dominerande konstruksjonar i trafikk-, landskaps- eller bybiletet. Dei stenger også for lys, innsyn og utsyn. Det kan også vere utfordringar knytt til siktsoner. Der kan difor vere behov for ein standard eller retningslinjer for korleis desse skal utformast. Desse bør så langt mogeleg også gjelde fylkeskommunalt vegnett.

Det må tilretteleggast for eit samanhengande nett av gang- og sykkelveggar i kommunen. I sentrum manglar det i dag ein samanhengande trasé som sikrar god flyt. Ein mogleg trase kan vere gjennom Saunesvegen – Bjørndalvegen – Kyrkjegata – Osbergvegen. Då får ein også kopla på Holvekerdalen. Spesielt parkering- og fortausløyvinga i Bjørndalvegen må vurderast og om gata skal vere einvegskøyrd. Det er i føresegnene konkretisert krav til sykkelparkering for ulike typar bygg.

4.3.2.4 Teknisk infrastruktur

Utbygging av anlegg for vassforsyning og avlaup skjer i samsvar med godkjende hovudplanar (kommunedelplanar) for sektorane. Rullering av hovudplanen for avlaup blei ferdigstilt hausten 2018.

Kommunen har lokal forskrift for utslepp frå mindre avlaupsanlegg, og reglar for avkøyrslar frå kommunale veggar vert innarbeidd i føresegnene eller retningslinjene til kommuneplanen. For avkøyrslar frå fylkesvegane skal Rammeplan for avkøyrslar (vegvesenet) leggest til grunn.

4.3.3 Planløyving

4.3.3.1 Fylkesvegnettet

Strukturen må reknast som fastlagt for det meste av planperioden, men det kan over tid knyte seg utfordringar til kapasiteten på deler av strekningane.

I første omgang vil problema kome på strekninga Strandkrysset-Hasundkrysset (kryss mellom Fv 61 og Fv 26). Både ut frå krav til hovudveg/stamveg og forventa større aktivitet på strekninga Holveker-Hareidseidet, må ein ta høgde for at ny hovudveg må byggast frå Hareidseidet til Hasundkrysset. Hareid kommune har sett føre seg å leggje ny hovudveg langs sørsida av dalen. Det er då nærliggjande å føre denne vidare gjennom lia sør for Saunesmarka og over/gjennom Skjoranakken. Det er mange usikre faktorar knyta til traséval gjennom Hareid og punkt for fjordkryssing. Ein ser det difor ikkje som aktuelt å kartfeste trasé i denne planrulleringa heller, men det er viktig at aktuelt areal ikkje vert nedbygt. Sidan trasevalet for fjordkryssinga Hafast ikkje er klar, vil det vere unaturleg å kartfeste ein ny hovudvegtrase gjennom kommunen på noverande tidspunkt.

Av nærliggande utfordringar på fylkesvegnettet for gjennomføring i planperioden, vert i ikkje prioritert rekkjefølgje, særskilt nemnt:

- Rundkøyring som hovudkryss til og planfri gang- og sykkelvegtilkomst til Saunesmarka
- Rundkøyring Strandvegen/Glopen
- Rundkøyring/kryssløyving Hasundkrysset
- Gang- og sykkelveg frå bussterminalen på Garnes mot Dragsundbrua
- Gangveg Garnes-Haddal

- Gangveg Hasund skule-Kleiva/Gjerde (regulert og prioritert)
- Gangveg Ulsteinelva-Gåsneset
- Gangveg/turveg i indre Haddal – gamal riksveg Håheim-Aursneset-Selvåg.
- Val av løysing for ny kryssing av Dragsundet til erstatning for noverande høgbru.

4.3.3.2 Kommunalt vegnett

Barnetrakkregistreringar er gjennomførde og vart lagt til grunn for arbeidet og konklusjonane i trafikktryggingssplanen vedteken første halvår 2016.

Det er ikkje gjennomført nye trafikktejingar- eller simuleringar som grunnlag for dette planarbeidet.

I arbeidet med arealdelen som førte fram til vedtak i juni 2011, vart det lagt ned ein god del arbeid i å vurdere ulike alternativ for sambindingsveg mellom Bakkegata og Gjerdegata med vidareføring av trafikken til Sjøgata. Sidan kommunestyret i 2015 valde oppgradering av Skulebakken som framtidig vegløyning, vert det ikkje i denne planrulleringa gjort nærare vurderingar av problemstillingane i dette området.

Det vert lagt opp til retningslinjer for støyskjermar med målsetjingar om å unngå monotone skjermar over lange strekningar som m.a. kan ha svak estetisk kvalitet og kan gje uheldig korridoreffekt. Det er viktig at støyskjermar er tilpassa det området dei skal plasserast i. Både terrenget, bygga i området og omgivnadane må danne basis for vurdering av utforminga. Ved nye utbyggingar bør støyskjerminga vurderast frå starten av planleggingsfasen.

Det bør leggjast opp til transparente opningar i øvre del av skjermar med høgde over tilgrensande terreng på t.d. 1,5 m eller vertikale transparente felt eller band. I alle høve bør støyvoll vurderast og nyttast om der er tilstrekkeleg areal til dette. Kombinasjon mellom voll og skjerm kan vere ei god løysing.

4.3.3.3 Gang- og sykkelveg

Av nye framlegg i planen har følgjande vorte lagt inn:

- Gang- og sykkelveg langs fylkesveg 25 på Flø mellom avkøyringa til Flø Hamn og Flø skule
- Fortau langs Støylesvingen
- Gang- og sykkelveg frå bustadfeltet Skjerva til kryss mellom fv. 26 og kommunal veg til Ytre Dimna (Dimnøyvegen-Notanesvegen).
- Gang- og sykkelveg eller fortau langs Joelvavegen i Sundgotmarka mot fv. 26.
- Gang- og sykkelveg langs fv. 26 frå Kjerringnesmyra til kryss Sundgot (ved Hasund skule).
- Gang- og sykkelveg langs fv. 61 frå Botnen til Garneskrysset (trase leggjast rundt Kvalneset).
- Gang- og sykkelveg langs vegen Ringstaddalen frå Haddal skule til ny gangbru over Haddalelva.
- Frå Indre Haddal til Selvågtunnelen er turvegen meint å på sikt få ordinær standard for gang- og sykkelveg.

4.4 Grønstruktur, strandsone, natur- og friluftsområde

4.4.1 Mål

Prioritet på å sikre

- areal for rekreasjonstilbod
- areal for nærmiljøanlegg og idrettsanlegg
- areal for grønstruktur i bustadområde og sentrumsområde
- areal for tilkomst til friluftsområde
- område for ute-undervisning og skuleaktivitet

Unngå utbygging og inngrep i

- større, samanhengande og lite påverka naturområde
- inngrepsfrie strandområde og strandnære areal av noko lengde
- inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar
- eksisterande eller moglege friluft- og utfartsområde (badeplassar o.a.)

4.4.2 Status og utviklingstrekk

4.4.2.1 Område for friluftsliv og rekreasjon

Kommunedelplanen for Idrett og fysisk aktivitet (2015-2018) gjev oversyn over område, turvegar og – stiar som er brukte til friluftsliv og rekreasjon. Dei fleste av desse ligg i utmark til allmenn bruk etter friluftlova. I tillegg til dei som er tekne med i den planen kan nemnast Bugardsmyrane-Lisjevatnet, Eiksund, Eika og turveg langs Fløstranda som ”nye” attraktive og brukte område. Sjå elles kap. 4.1.6.

Sikring og tilrettelegging er vesentleg for at friluftsområda ikkje skal kome under press til utbyggingsformål. Det er gjennomført arbeid med å kartleggje og verdsette friluftsområde i kommunen. I tettstadanalysen for Ulsteinvik (2000) er ei ”markagrense” ikkje definert, men av klima- og strukturomsyn er det tilrådd å ikkje gå høgare mot fjellet med busetnaden enn kote 170. Bortsett frå øvst i Varleitet på kote 175 er siste års utbyggingar lagde opp til kote 150. Dette sikrar også friluftsområda mot fjellet.

4.4.2.2 Naturområde

I kommunen er det fleire område med vern i medhald av naturvernlova:

- Flø dyrelivsfreding strand- og havområde (jaktforbod)
- Fløstrendene og tilliggjande havområde, fuglefreding
- Grasøyane med havområde (del av Runde fredingsområde) fuglefreding
- Stoksund – Blikvågane, del Ulstein, fuglefreding
- Havågane naturreservat, eikeskog
- Alstranda naturreservat, del Ulstein (edellauvskogområde)

Kartlegginga av det biologiske mangfaldet i Ulstein kommune vart fullført i 2008. I alt 48 større og mindre område/lokalitetar med ein eller fleire ulike naturtypar er omtalte. Dei er inndelte i tre kategoriar etter verdi: A – svært viktig (4), B – viktig (24) og C – lokalt viktig (23). Alle i kategori A og 16 lokalitetar i kategori B er merka som viktige med tanke på målet om stopp i tap av biomangfald innan 2010.

Fleire av dei registrerte artane er raudlista. Raudlisting skjer dersom arten er nær truga, sårbar, sterkt eller kritisk truga, eller regionalt utrydda. Mest oppsiktsvekkande er funnet av den sterkt truga planta Østersjørør på Osnessanden, den einaste kjende levestaden nord for Rogaland. Elles er ingen andre artar nemnde som sterkt eller kritisk truga.

4.4.2.3 Strandsona

Strandsona er biologisk viktig og attraktiv for ulike former for rekreasjon, og såleis viktig for både det allmenne friluftslivet og ettertrakta for privat fritidsaktivitet knytt til eigarskap. Ettersom bygging av nye hytter normalt ikkje lenger vert tillate i den nære standsona, ser ein tendens til tøyning av den private sona mot stranda og ved at t.d. gamle og nye naust delvis får hytteliknande bruk. Dette kan til tider hemme allemannsretten etter friluftsløva. Sjå også kapittel 4.6.

4.4.3 Planløysing

4.4.3.1 Aktuelle planformål:

LNF – Landbruks-, natur- og friluftsmål (pbl § 11-7.5). Dette femner om det meste av arealet utanom områda for utbyggingsformål, her under også område nytta til friluftsliv, turvegar m.m.

Grønstruktur – (pbl § 11-7.3) med underformåla friområde, parkar og turdrag. Desse formåla er i første rekkje nytta i og ikring tettstaden Ulsteinvik, men også andre stader der grønstrukturen er knytt til utbyggingsområde, t.d. regulerte eller planlagde friområde.

4.4.3.2 Omsynssoner (pbl § 11-8 c)

Soner med særleg omsyn til friluftsliv og landskap, og for bevaring av naturmiljø. Dette gjeld i hovudsak område som ikkje er regulerte/utlagde til planformål friområde/grønstruktur i gjeldande reguleringsplanar, eller som er viste som omsynssoner i medhald av § 11-8 d for bandlagde område. Område der føresegn om forbod mot tiltak langs vassdrag i medhald av § 11-11.5 er viste som omsynssoner knytt til grøntstruktur. Sjå kap. 5.5.

4.4.4 Omsynssoner – bandlagde område etter naturvernlova (pbl §11-8 d)

Sjå kap. 5.5 for omsynssoner som viser bandlagte område etter naturvernlova.

4.5 Landbruk/Kulturlandskap

4.5.1 Mål

Prioritet på å

- oppretthalde mest mogleg av produksjonsgrunnlaget
- ivaretaking av kulturlandskapet i landbruket
- verdfull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar

Unngå inngrep i

- samanhengande, godt arronderde jordbruksareal og høgproduktive, mindre areal
- kulturlandskap av heilskapleg karakter
- godt arronderde dyrkings- eller skogreservar med god jord

4.5.2 Landbruket i Ulstein kommune– utvikling og status

Næringsarealet innan jordbruket var om lag 7400 dekar i 1979 og om lag 6500 dekar i 1989. Dette er

reduisert til om lag 4300 dekar i 2016, gjennom brakklegging/gjengroing og nedbygging. Talet på årsverk direkte knytt til næringa har i same perioden vorte redusert til 27 – tilsvarande 1 % av sysselsettinga. Kvart av desse årsverka gir likevel grunnlag for 1-2 årsverk i tilknytte næringar og annan produksjon og tenesteyting.

I kommunen er det 12 000 dekar produktivt skogsareal. Næringsmessig drift er likevel liten.

4.5.3 Kjerneområde landbruk

I eit overordna og langsiktig perspektiv er vern av produksjonsgrunnlaget for mat svært viktig, noko sentrale styresmakter har peika på i fleire utgreiingar og rundskriv. Det er sett sentrale mål for reduksjonen i avgang av dyrka jord. Likeeins er erkjenninga av kulturlandskapa sin store verdi med omsyn til kulturarv, trivsel og identitet så vel som oppleving og reiseliv vorten stadig sterkare.

Med ”kjerneområde landbruk” er meint dei areala som er viktigast for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver: *Matproduksjon* og oppretthalding av jordbruket sitt *kulturlandskap*. Omgrepet skriv seg frå Mat- og landbruksdepartementet som i 2005 oppmoda kommunane om å peike ut kjerneområde som skal vere ”freda” for vurdering av inngrep og utbygging i eit perspektiv langt utover planperioden. Utpeiking av kjerneområde inneber likevel *ikkje* tilsidesetting av jordlova i dei andre jordbruksområda. For dekking av arealbehov for andre samfunnsmessige viktige formål, kan slike område vurderast opp mot måla for arealforvaltninga ved seinare rulleringar av arealplanen.

Kor eigna eit område er for mat- og fôrproduksjon er avhengig av m.a.:

- Jordsmonnet sin kvalitet (samansetting, struktur og djupne)
- Klima (temperatur og nedbør)
- Terrengtilhøve med tanke på maskinell haustin
- Storleik og arrondering

Verdiane av kulturlandskapet i landbruket er avhengig av m.a. kven dei har verdi for, og kva kriteria ein tek utgangspunkt i:

- Heilskaplege landskap prega av landbruksdrift
- Lokalt særskilde eller sjeldne kulturlandskap
- Regionalt eller nasjonalt sjeldne eller representative kulturlandskap
- Verdfulle kulturminne og kulturmiljø, som fornminne, tun- og bygningsmiljø
- Område prioriterte for bruk av verkemiddel for skjøtsel og vedlikehald
- Område som er viktige for rekreasjon, reiseliv eller undervisning

Det er avgjerande for oppretthalding av kulturlandskap at skjøtsel kan gjerast som del av jordbruksdrift i form av slått, beite eller åkerdrift. Omsynet til kulturlandskapet er såleis eit vesentleg argument for jordvern og oppretthalding av aktivt jordbruk.

Med vising til at det registrerte produksjonsarealet i Ulstein har minka sterkt siste 30 åra, kan ein nesten seie at det berre er ”kjerneområde” som er att, i den forstand at alt areal trengs for å oppretthalde eit aktivt jordbruk i kommunen. Dette tilseier at kjerneområda må femne nokså vidt, med utgangspunkt i områda med aktiv drift.

4.5.4 Spreidd utbygging i LNF-område

Løyve til spreidd utbygging av bustader vert i første rekkje gitt i område der det er ynskjeleg av omsyn til oppretthalding av eit minimum av busetnad, sosialt nettverk og der det ikkje ligg til rette for feltutbygging. Spreidd utbygging kan medføre ulemper for tilgrensande jordbruksdrift, nye avkøyrslar/

reduisert trafikktryggleik, nye transportbehov og gjere framtidig god arealutnytting vanskeleg.

I Ulstein er avstandane korte, folketalsauken sterk og areala knappe. I det store og heile kan tilgangen til bustadtomter både i Ulsteinvik og bygdene best sikrast i form av felt i ulike storleikar. Slik sett er det ikkje naudsynt å opne for spreidd utbygging ut frå generelle kriterium, og i gjeldande arealplan er det då også forbod. Erfaringsmessig kjem det likevel søknader om dispensasjon, i første rekkje med familiemessige/økonomiske grunngevingar.

4.5.5 Planløysing

4.5.5.1 LNF - Landbruks- natur- og friluftsmål (pbl § 11-7.5)

LNF, pbl § 11-7.5 a – Areal for landbruk, natur og friluftsliv med forbod mot spreidd utbygging

Dette formålet femner om det meste av landarealet i kommunen utanom byggjeområda. Frådeling og spreidd utbygging av bustader, fritidshus og næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring er ikkje tillate. Innanfor dette formålet finn vi m.a. dei høgast prioriterte områda med omsyn til jordvern, landbruksdrift og kulturlandskap, - kjerneområda. Dei er viste som omsynssoner, jfr. pbl § 11-8. c. Dyrka og dyrkbare område i fjellet, eller område som ikkje er aktuelle for alternativ bruk (t.d. skredutsette areal i Ringstaddalen), er likevel ikkje tekne med i sonene.

4.5.5.2 LNF, § 11-7.5 b - Område der spreidd utbygging er tillate

Garnes er eit området som ikkje er aktuelt for feltutbygging ut frå omsynet til trafikken på FV 61 og omsynet til landskapet og strandsona. Det er likevel behov for å oppretthalde busetnad om lag som i dag, med naturleg fornying. På Garnes, nordsida av riksvegen, vart det ved førre rullering lagt inn eit område der det på visse vilkår vart opna for inntil 8 nye bustadhus, merka i planen med LNFB1. Dette vert no endra til inntil 6 nye bustadhus. På Eiksund vert arealet tatt ut av planen. Då det har vore lite etterspørsel etter å byggje her, og med mykje trafikk langs fylkesvegen med tilhøyrande utfordringar knytt til vegtrafikkstøy, må formålet med spreidd bustadbygging i LNF-området her seiast å ha falle bort.

4.5.5.3 Omsynssoner knytt til landbruk og kulturlandskap i landbruket (pbl § 11-8 c)

Sjå kap. 5.5 for omsynssone.

4.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner

4.6.1 Mål

Prioritet på

- Å reservere strandsoner og strandnære område til aktivitetar som treng sjøtilgang
- Fortetting eller utviding av allereie utbygde område
- Lokalisering av nye utbyggingar med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur
- Å sikre areal for rekreasjonstilbod
- Å sikre areal for tilkomst til friluftsområde

Unngå utbygging og inngrep i

- Inngrepsfrie strandområde og strandnære område av noko lengde
- Inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar
- Større, samanhengande og lite påverka naturområde
- Eksisterande eller moglege friluftso- og utfartsområde (badeplassar o.a.)

4.6.2 Overordna lovverk og føringar

Plan- og bygningslova § 1-8 slår fast at det langs sjøen og langs vassdrag skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser gjennom sterkt avgrensa høve til tiltak innafør 100-metersbeltet langs stranda så sant ikkje andre byggegrenser er fastsette etter kommuneplanen sin arealdel, i reguleringsplanar, for tiltak innafør primærnæringane eller sjøferdsel. Der område langs vassdrag er viktige for natur-, kultur- eller friluftssinteresser, skal kommunen i kommuneplanen sin arealdel fastsetje grense på inntil 100 meter der spesifiserte tiltak ikkje er tillatne.

Samspelet mellom vern/ivaretaking og utnytting av miljøressursane på kysten stod sentralt i St.meld. nr. 43 (1998-99) "Bruk og vern i kystsonen". Det er vidareført som grunnlag for overordna målsetjing om at det er viktig å legge ein restriktiv profil på tiltak i sjø- og strandområde som kan bety eit trugsmål mot naturressursane i kystområda.

Tidlegare lovverk er diffust når det gjeld generelt omsyn til naturverdiar og grunnlag for livformer. Naturmangfaldslova som vart sett i kraft 1. juli 2009, har konkretisert dette på ein klarare måte i kapittel II, "Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk", særleg § 4 om forvaltingsmål for naturtypar og økosystem, § 6 om generelle aktsemdsplikt og § 7 om prinsipp for offentlege vedtak slik det går fram av §§ 8-12. Arealbruksmessige føringar vert først og fremst uttrykt i § 8 om kunnskapsgrunnlaget, § 9 om føre-var-prinsippet, og § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning av tiltak. Lova gjev vidare grunnlag for at Kongen i statsråd kan fastsetje føreskrift om utval av naturtypar som skal underleggast særleg omsyn også i arealbruksspørsmål og kunne gjerast gjeldande for kommunane si forvaltning av slike naturtypar (§§ 52-53).

I fylkessamanheng har øyområda mellom Volda/Ørsta, Ulstein og Herøy sidan 1970-talet vore verdivurdert som eitt av dei viktigaste og mest verdifulle kystområda i fylket i høve til natur- og landskapsverdiar og for strand- og båtutfart, og har gått under nemninga "Den grønne korridoren". I 1984-85 vart det sett i gang eit planfagleg samarbeid mellom Ulstein, Herøy, fylkeskommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal for å sikre at omsynet til natur- og landskapsverdiane i området vart teke i vare gjennom overordna føringar. Arbeidet vart ikkje slutført, men viktige element har likevel vore førande for faglege og politiske vurderingar og vedtak i ettertida. Med tanke på verdiane i dette området, og for ei heilskapleg arealbruksforvaltning, bør dette vere ei aktuell oppgåve i den interkommunale kystsonen som er starta opp.

Kommunen har vedteke lokal forskrift om sanitært avløpsvatn frå mindre anlegg etter forureingslova, vedteke i kommunestyret 17.06.2011. Området forskrifta gjeld for er vist i vedlegg.

Jamfør og kap. 4.3 om grønstruktur, strandsone, natur- og friluftsområde, og i kap. 4.6 om kulturminne og kulturmiljø.

4.6.3 Bruk av kystsona i Ulstein kommune

4.6.3.1 Tradisjonelt fiskebruk

Frå gammalt av var kombinasjonsbruk næringsgrunnlaget for folk i Ulstein kommune, på same måte som elles langs kysten. Fiskeressursane har alltid vore ein sentral del av dette, med viktige tradisjonar knytt til fiskeri. Arealplanen må derfor legge til grunn omsyn til arealavhengige, sjøretta tradisjonar:

- Låsetjingsplassar

- Kilenotplassar
- Sjøbumiljø
- Naustplassar med støer

4.6.3.2 Fiskerinæringa i dag

Tradisjonelt fiskeri

Etter fiskarmanntalet er det pr. februar 2017 registrert 44 personar i Ulstein med fiske som hovudnæring (B-bladet), av desse er 17 under 40 år gamle og 27 er eldre enn 40 år gamle. Det er vidare registrert 6 med fiske som biinntekt (A-bladet), av desse er 5 eldre enn 60 år. Dette syner at fiskeri som næring har avgrensa omfang i kommunen. Aldersfordelinga blant registrerte fiskarar stadfester ei næring som har avgrensa rekruttering.

Hamna i Ulsteinvik var i si tid utbygd som fiskerihamn og har framleis ein del av hamna regulert til fiskeriføremål. Denne delen er berre delvis teken i bruk. Slik situasjonen er innafor planhorisonten for kommuneplanen sin arealdel, synest det ikkje å vere større arealbehov til fiskeriføremål. Det er sett i gang prosess med å avhende fiskerihamna i Ulsteinvik og la kommunen overta anlegget, men med vilkår om at molo og fiskerihamna består og framleis kan nyttast for aktive fiskarar. Det er lagt inn endring i planen slik at delar av området B104- Mylna, kan regulerast til bustad med moglegheit for næring i 1. etasje. For å oppretthalde tilstrekkeleg areal til fiskebruk er det lagt inn eit næringsareal på naboeigedomen som vist i kartet som N102. Flø hamn er og utbygd som fiskerihamn og har slik status, men etter dagens krav til fiskerihamn, spesielt med tanke på innseglingstilhøva, er den ikkje så godt eigna til føremålet.

Oppdrettsnæring

I Ulstein kommune er det i dag ein konsesjon for setjefiskproduksjon (Marine Harvest på Flø) og ein konsesjon for torskeoppdrett (Fjord Farming ved Gjerdet i Eiksund). Tidlegare gjevne konsesjonar ved Einehola på Eika (torskeoppdrett) og ved Byholmene (kveiteoppdrett) er inndregne fordi dei ikkje vart tekne i bruk innafor gjeven tidsfrist. Tidlegare skjeldyrkingskonsesjonar er inndregne av same årsak.

Ei resipientundersøking 1984-85 konkluderte med at sjøområda i Ulstein har svært avgrensa resipientkapasitet for fiskeoppdrett, og at berre ytre delar av kommunen (Ulsteinfjorden) hadde gode resipienttilhøve saman med eit mindre område i Vartdalsfjorden. Seinare utvikling med skjerpa avstands- og resipientkrav, og utvikling til konsentrasjon av anlegg for større volum har avgrensa aktuelle område for fiskeoppdrett ytterlegare. Dette vurdert opp mot andre arealbruksinteresser i sjøområda (farleier, kystfiske, båtutfart, kystrekreasjon og naturmangfald) gjer at tilrettelegging for fiskeoppdrett vil ha lite tilgjengeleg areal i Ulstein, i praksis områda mellom Hatløya og Vattøya, området nord for Vattøya, eventuelt område på grensa mot Breisundet. Eit området nord for Vattøya får status som NFFFA – område, saman med eksisterande konsesjon ved Alstranda, Vartdalsfjorden (Natur, Ferdsel, Fiske, Friluftsliv og Akvakultur), resten av sjøområdet som ikkje er farlei, får status som NFFF - område.

4.6.3.3 Sjøretta samferdsel - skipstrafikk

Farleiene for båttrafikk går gjennom ytre delar av kommunen med avgreiningar inn til Ulsteinvik og skipsindustrien, og i farvatna i indre delar av kommunen (Rovdefjorden/Vartdalsfjorden). I tillegg er fjordområda mellom desse hovudleiene regelmessig nytta for sjøtrafikk i samband med næringsdrift (Ulstein Betongindustri i Haddal, seksjonstransport innafor skipsindustrien, fjordfiske – særleg tradisjonelt brislingfiske). Med utgangspunkt i kartfesta data frå kystverket er det klart at farleiene med sikringssoner legg beslag på relativt store sjøareal innafor kommunen.

4.6.3.4 Båthammer og fritidsbåtar, fritidshus/hytter i kystsona

I tillegg til Ulsteinvik hamn og Flø hamn er det i kommunen regulert og langt på veg bygt ut 11 småbåthammer i tillegg til ein marina. I all hovudsak er dette for fritidsbåtar. Det er framleis reserveplassar i desse hamnene, men det er eit markert press for nye anlegg og fleire småbåt plassar. I planen er det gjort framlegg om ta ut småbåthamn på Skeide og i staden utvide hamna på Ryssholmen. Småbåthamnene vert for det meste nytta til mindre båtar for fritidsformål. Dette inneber eit behov for ordningar kring handtering av forskjelleg type avfall, og det vert knyta krav som gjeld miljøomsyn i føresegnene. I Hansvika-Spjutøysundet, Hellestøa og Botnavika vert det lagt ut areal til småbåtanlegg. Småbåtanlegg er fellesbrygger med båtplassar for nærmare angitte brukara som for eksempel er knytte til bustad- eller fritidseigedommar. Småbåtanlegg ligg under formålet – andre typer bebyggelse og anlegg og ikkje under bruk og vern av sjø m.m. Det vert knyta føresegner til desse anlegga.

Det har til no vore avgrensa utbygging av strand-/sjøorienterte hytter/fritidshus i Ulstein kommune. Desse har avgrensa seg til dei største øyane der det tidlegare har vore busetnad (Eika, Spjutøya, Borgarøya, Hatløya, (Håkonsholmen) og Vattøya), og til avgrensa område langs stranda eller (Havåg, Selvåg og Håheim) der slik utbygging ligg nær eksisterande/tidlegare busetnad. Ut over dette er det svært få hytter i strandsona i kommunen. Det har vore ein medviten politikk å konsentrere fritidshus til område med eksisterande eller tidlegare busetnad. Etter regelverket for 100-metersbeltet langs sjøen og delmål i kommuneplanen sin arealdel, må det vere rett å konsentrere nye hytter/fritidshus i strandsona til fortetting, eventuelt utviding av område som tidlegare er tekne i bruk til slikt føremål. Det er likevel opna for nokre få område i planen for rorbuer, som det har vore etterspørsel etter. Sjå også kap. 4.2.4.3 om utbygging av hytter, naust og rorbuer og kap. 4.2.6 om fritids- og turistformål.

4.6.3.5 Opplagsplass for skip

Prosjektgruppa har drøfta om det finst sjøareal i kommunen som kan nyttast til langtids opplag for skip. Behovet er der då det i mange av kommunane på Sunnmøre ligg offshoreskip i opplag. Desse ligg som regel langs kaiar med tilkoplta landstraum. Plassering til kai gjev også på enkel måte høve til inspeksjon og vedlikehald. Samstundes kan denne typen opplag gje konflikt i høve arealbruken på land, og tidvis kan det også vere konflikt i høve meir aktiv bruk av kaiene. Ut frå at Ulstein kommune har avgrensa sjøareal, har ikkje prosjektgruppa funne grunnlag for å leggje inn i planen nye areal for opplag verken langs fleire av kaiene eller område der skip kan liggje ankra i opplag utanom kaiområda. Men kommunen bør vurdere eventuelle framlegg som skulle kome om slike areal under offentleg ettersyn og høyring.

4.6.3.6 Sjø- og strandretta rekreasjon

Verdien av nær og lett tilgang til rekreasjon langs sjøen har tradisjonelt vore bevisstgjort i kommunen, først og fremst som eit dagleg eller sesongmessig gode for alle innbyggjarar, men og for tilreisande. Det er framleis ei målsetjing at desse verdiane skal takast vare på samstundes som det skal leggest til rette for at publikum kan gjere seg nytte av dei. Dette har to utfordringar:

- 1) Det er viktig å halde landskapet og verdiar knytt til landskap og naturressursar mest mogleg intakt og fungerande. Dette vil kunne sikrast gjennom målsetjingane for arealbruk, der nye tiltak først og fremst vert dirigerte til dei delane av strandsone og strandnære areal som har tilsvarende tiltak frå før.
- 2) Legge til rette for tilkomst og oppleving. Dette inneber at det frå landsida må leggest til rette for parkering for tilkomst frå eksisterande bilveg. Den delen som er avhengig av båtbruk må få tilgang til gjesteplass i eksisterande hamner, saman med ankringsplassar for landstiging eller overnatting der det kan skje utan negative følgjer for miljøverdiane.

4.6.3.7 Naturlandskapet i kystsona

Ti naturområde i Ulstein er freda i medhald av overordna lovverk (reservat/fredingsområde), alle anten fullt ut for å sikre sjø- og strandretta naturverdiar, eller med viktige delar av areala langs strandsona. Dette er område der omsyn til arealbruk er sikra gjennom nasjonale vedtak.

Det er vidare gjennomført naturtypekartlegging som grunnlag for å ta vare på biologisk mangfald i kommunen. Viktige verdiar er knytt til strandsona og kystlandskapet. I arealplanen er omsynet til dei viktigaste verdikategoriene (A- og B-område) lagt inn i arealplanen som omsynssoner, jf. H560 sonene i kap. 5.5.

Målsetjingane for arealbruk i Ulstein tilseier på generelt grunnlag at det skal takast omsyn til naturlandskapet med sine funksjonar på ein slik måte at dei mest intakte, mest samanhengande og største områda får sterkare omsyn enn når det er snakk om fortetting av aktivitet og inngrep. I ein kombinasjon av desse omsyna er siktemålet at kystlandskapet i Ulstein også i framtida skal vere ei kjelde til oppleving og rikdom for innbygarane.

4.6.4 Vassdragsnaturen i Ulstein kommune

I Ulstein er det 8 ferskvatn, stort sett små, og 20 mindre tjønner og dammar. 4 av ferskvatna ligg under 100 m.o.h. (Aursnesvatnet, Garnestjønna, Sundgotvatnet og Kjerringnesvatnet). I kommunen har det frå gammalt av vore meir enn 30 gytebekkar for sjøaure, dei fleste kanaliserte/forureina og ute av funksjon i dag. I låglandet er det meste av vassdraga sterkt fysisk omforma av menneskeleg aktivitet gjennom generasjonar. Det er sterkt behov for å ta vare på dei ferskvassressursane som framleis har ein viss naturgjeven funksjon i låglandet og å vurdere rehabilitering der det er mogleg (fysisk, forureiningsmessig). Det vil derfor vere behov for å definere inngrepsfrie soner langs denne type vassdrag, slik § 1-8 i Plan- og bygningslova har som føresetnad.

Langs vassdrag og vatn høgare enn 150 moh er inngrepa avgrensa til regulering for kraftverk (Lisjevatnet), vassforsyning (Garnesvatnet, Leitselva) eller setjefiskanlegg (Brørevatnet). Dette er heller moderate inngrep, og stort sett er vassdragsnaturen i høgareliggande delar av landskapet i Ulstein langt på veg intakt. Det er likevel viktig å ta vare på dei verdiane landskapet representerer i rekreasjonssamanheng og for naturmangfaldet, og det vil også i desse områda vere behov for å setje av ei inngrepsfri sone langs bekkar, elvar og vatn, jamfør Plan- og bygningslova § 1-8. Det er naturleg at denne er tilpassa etablert og eksisterande inngrep og tiltak.

4.7 Kulturminne og kulturmiljø

4.7.1 Hovudmål

- Kartfeste, sikre og formidle viktige kulturminne og kulturmiljø i Ulstein kommune
- Utarbeide kulturminneplan med handlingsdel for Ulstein kommune.
- Bygge opp kunnskap i lokalsamfunnet generelt og på politisk og administrativt nivå spesielt, om kulturminne og kulturmiljø i Ulstein kommune.

4.7.2 Innleiing

I Ulstein kommune er det mange kulturminne, særleg frå før-reformatorsk tid, og som soleis er automatisk freda. Desse finn vi særleg i dei ytre deler av kommunen (Osnes-Flø).

Mange stadar inngår dei som viktige element i kulturmiljø, saman med nyare tids minne, som steingardar og bygningar.

Fleire bygningar og bygningsmiljø har vesentleg, kulturhistorisk verdi t.d. Borgarøya og Håkonshomen, Petterbakken, deler av Kyrkjegata og Geileneset. Dei sistnemnde inngår i tettstadsanalysen sin "kulturakse". Dei er likevel sterkt prega av nyare tids inngrep og utbygging.

Kulturminnelova av 9. juni 1978, definerer kulturminne og kulturmiljø som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Etter endringar i lova i 1992 vart følgjande setning teken inn: Etter denne lova er det kulturhistoriske eller arkitektonisk verdifulle kulturminne og kulturmiljø som skal vernast.

4.7.3 Registrering

Det digitale kulturminneatlas er eit viktig verktøy i dette arbeidet. Kulturminneatlas.no er utarbeidd av Møre og Romsdal fylke og er felles for alle kommunane i fylket. Dette er ein database som har importert Riksantikvaren sitt register "Askeladden" og "SEFRAK" bygningsregister.

I Askeladden finn ein dei automatisk freda og dei sokalla "vedtaksfreda" kulturminna. Dette er kulturminne av nasjonal verdi.

I "SEFRAK" finn ein alle registrerte bygningar frå før 1900-talet. Registeret vart utvikla i perioden 1975 til 1995.

I tillegg til informasjonen frå desse to registera, vil kulturminneplanen gi ei god oversikt over viktige kulturminne i kommunen og vil verte eit viktig grunnlag i arbeidet med arealdisponeringa i Ulstein.

4.7.4 Kulturminne i Ulstein kommune

4.7.4.1 Automatisk freda kulturminne

Ulstein kommune har mange automatisk freda kulturminne. Dei fleste finn vi på strekninga mellom Osnes og Flø.

Døme på slike kulturminne er:

- Oshaugen, som er rekna som nordvestlandets største gravhaug
- Gamle Ulstein kyrkjegard
- Gravhaugane på Gåsneset og Flø

4.7.4.2 Kulturminne freda etter kulturminnelova og anna lovverk

Døme på vedtaksfreda kulturminne er Grasøyane fyr og Kleivastova

Kyrkja

Ulstein kyrkje er gjennom *Regional delplan for kulturminne av nasjonal og regional verdi* formelt verna og den er vekta som nasjonalt viktig.

4.7.5 Andre viktige kulturminne/kulturmiljø

Dette kapitlet tek føre seg kulturminne/kulturmiljø som er viktige for å beskrive utviklinga av Ulsteinsamfunnet. Utvalet som her er presentert er ikkje meint å vere uttømande, men skal vise eit utval og ei breidde av kulturminne/ kulturmiljø i kommunen. Formålet med opplistinga er både å skape ei bevisst haldning til og legge grunnlaget for formidling av desse verdiane. Slik kan også denne planen vere med å sikre desse kulturminna og kulturmiljøa for seinare generasjonar.

4.7.5.1 Utvalde kulturminne/ kulturmiljø

I dette avsnittet i planen tek vi føre oss ei opplisting av ein del utvalde kulturminne/kulturmiljø. Lista er ikkje uttømande, men gir ei oversikt over kulturminne/kulturmiljø som er viktige for å forstå historia og gi eit bilete av utviklinga i lokalsamfunnet:

Flø

Kvernhusa/elvefaret på Midtflø

Kvernhusa langs Ulsteinelva

Kraftverket i Ulsteindalen

Forsamlingshuset Fredheim

Sjøbudene på Geileneset

Tunet på Petterbakken

Bygningsmiljøet i Kyrkjegata

Prestegarden i Ulsteinvik

Hovsethaugen m/tunet

Sjøbudene hos Karl Kleven

Forsamlingshuset på Eika

Bygningsmiljøet på Håkonsholmen

Steinbrua over Vikelva (Joakimbakken)

Storeelva på Flø

Steingardane i bygdene våre (Haddalbygda og Ulstein)

Borgarøya, handelsstaden med bygnings- og kulturmiljø

4.7.6 Sikring av kulturmiljø/kulturminne

Det er fleire måtar å sikre kulturmiljø og kulturminne på. Dette kan t.d. gjerast både gjennom bruk av lovverket og ulike plandokument. I tillegg er informasjon og haldningsskapande tiltak viktige verkemidlar innan kulturminnearbeidet.

Plan- og bygningslova er kommunen sin viktigaste reiskap for å sikre kulturminne/-miljø. Lova kan brukast aktivt for å verne kulturminne og kulturmiljø. I arealplanen er viktige kulturminneverdiar markert med eigne planformål og symbol. Plan- og bygningslova gjev også heimel for å verne spesielle bygningar og bygningsmiljø.

4.7.6.1 Tiltak

Dei tiltaka som er mest aktuelle å sette i verk for Ulstein kommune på kulturminneområde, er i første rekke strategiske gjennom arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og arbeidet med reguleringsplanar.

I tillegg er arbeidet med skilting av kulturminna, kulturminneplan, satsinga på lokale kulturminne og arbeidet til Ulstein historielag, viktige element i opplysnings- og det haldningsskapande arbeidet kring kulturmiljø/kulturminna i kommunen.

4.7.7 Omsynssoner knytt til kulturmiljø, (pbl § 11-8 c)

Det er lagt inn omsynssoner i plandokumentet til kommuneplanen, som viser sone for bevaring kulturmiljø og bandlegging etter lov om kulturminne. Omsynssonene bygger på Kulturminneatlas utarbeidd av Møre og Romsdal fylke som viser Riksantikvaren sitt register "Askeladden", og "SEFRAK" bygningsregister. Omsynssonene bygger også på regional delplan for kulturminne.

Omsynssonene er vist i kapittel 5.5.

I tillegg til informasjonen frå desse to registera, viser vi til kulturminneplanen og illustrasjonskart for kulturminne. Temakartet syner områder som inneheld nasjonalt og regionalt viktige kulturminner. Ved neste rullering av kommuneplanen må det vurderast om omsynssonene skal leggest inn i plankartet.

4.8 Tettstad

4.8.1 Mål

- Framtidig byutvikling skal vektlegge eigen identitet tufta på tettstaden si historie.
- Tettstaden skal vidareutviklast med fokus på nyskaping, sosiale møteplassar, bulyst, aktivitet og tilrettelegging for eit konkurransedyktig næringsliv.
- I arbeidet med fortetting skal vi finne gode løysingar i kryssing mellom næring (industri/handel), bustad/fritid og tettstadutvikling.
- Planlegg med fokus på eit kompakt og fleirfunksjonelt sentrum.
- Skape opne møtestader for teknologiutvikling på tvers av yrkesgrupper og alder, og tilpasse element frå “Smart Society og Smart City ¹”

4.8.2 Utvikling av sentrumskjerna/fortetting av sentrum.

Utviklinga av Ulsteinvik sentrum og forretningsområda på Sanden, har til no vore prega av at kommunen har hatt store areal til rådvelde til parkering og utbygging. I kvartalet mellom Sjøgata og Bjørndalvegen frå Blåhuset til Kleven-bygga er det eit areal på om lag 40 daa. Ein tredjedel av arealet er bygg, ein tredjedel parkering og ein tredjedel trafikkareal. Dette er no i ferd med å endre seg. I tråd med målet om å legge til rette for ei berekraftig tettstadsutvikling som byggjer på rikspolitiske retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vil utviklinga framover i aukande grad gå mot fortetting og omdisponering av eksisterande areal. Frå ei utvikling med lave forretningsbygningar på eit utflytande trafikkareal, er det eit mål å legge til rette for ei meir bymessig utvikling, med strammare gatestrukturar som tydelegare definerer byggelinjer, gangareal, torg og møteplassar, og skil desse frå trafikkarealet.

Det er også eit mål å auke bylivet og bulysta i sentrum av Ulsteinvik. Gjennom å leggje tilrette for eit breitt spekter av funksjonar, med vekt på bustadar, opnar vi for at sentrum vert nytta til forskjellige aktivitetar gjennom døgnet.

For at sentrum skal opplevast som levande og attraktivt, er det viktig at det etablerast publikumsretta funksjonar i 1.etasje av bygningane ut mot gater og plassar. Lyse og opne fasadar som inneheld service, handel og kulturfunksjonar bidreg til aktivitet og oppleving av tryggleik. Ei fortetting og omdisponering av sentrumsarealet vil auke utnyttinga innanfor sentrumskjerna. Det vert eit høgare bruksareal pr. tomteareal. Dette vil også medføre at nye bygningsvolum får auka gesimshøgde. Samstundes som ein ynskjer ei meir bymessig fortetting av sentrum, er det eit viktig mål at byutvikling vektlegg Ulsteinvik sin eigen identitet og er tufta på tettstaden si historie.

¹ Smart Society og Smart City - sjå kommuneplanen - samfunnsdel side 26 og 27 [Link](#)

Høgare utnytting av sentrumsareala aukar bruken og belastninga på allereie etablerte parkar og friområde. For å legge til rette for byliv og gode bukvalitetar, er det viktig å ivareta eksisterande areal, samstundes som ein sikrar framtidig areal for uteopphald i sentrumskjerna. Det må settast av tilstrekkelig blå-grøntareal i, eller i nærleiken av sentrum, for å ivareta behovet for rekreasjonsareal etterkvart som folketalet i sentrum aukar. Kommuneplanen stiller krav om områdeplan for Ulsteinvik sentrum. Planen skal legge tilrette for attraktive sosiale møtestadar og gode og differensierte uterom som innbyr til både stillheit og ro, leik, aktivitet og opphald for alle aldersgrupper.

I arbeidet med sentrumsplanen er det også viktig å utarbeide gode trafikkale strategiar som legg tilrette for eit godt kollektivtilbod, gode gang- og sykkelsamband og føremålstelege og lesbare parkerings- og køyremønster. Som beskrive under punktet 4.3.2.3 om kommunale vegar, er det eit mål å legge til rette for eit samanhengande nett av gang- og sykkelvegar i kommunen. I sentrum manglar det i dag ein samanhengande trasé som sikrar god flyt, og det er skissert ein mogleg trase gjennom Saunesvegen – Bjørndalvegen – Kyrkjegata – Osbergvegen. Ei slik løysing føreset at ein i arbeidet med områdeplanen for sentrum gjer konkrete vurdering av parkering- og fortausløyisinga i Bjørndalvegen, og om gata skal vere einvegskøyrde m.m.

Høgare utnytting av sentrum med auka handels- og servicetilbod vil auke persontrafikken i og inn til sentrum. Det er eit mål at veksten i lokal persontrafikk i Ulstein skal takast med kollektivtrafikk, sykkel, gange og samkøyring. Biltrafikkveksten skal vere vesentlig mindre enn befolkningsveksten. Ved å legge til rette for at det etablerast fleire bustadar sentralt i Ulsteinvik, med gangavstand til sentrum, vil ein kunne ta ein del av veksten i persontrafikken utan behov for bil. Ei tilrettelegging med gode tur-, gang- og sykkelvegar frå sentrum til dei næraste krinsane, og spesielt der ein legg opp til auka bustadfortetting, som Skeide, Ulstein, Hasund og Sundgot, vil kunne bidra til at fleire nyttar sykkel og gange som framkomstmiddel.

Ei vidare utvikling av Ulsteinvik som eit regionalt senter, vil også føre til auka persontrafikk til og frå tettstadane rundt Ulstein. Byliv og gode bukvalitetar i sentrum føreset gode løysingar på parkering og trafikk. Eit sentralt tema i arbeidet med områdeplanen vil derfor vere å finne gode trafikk- og parkeringsløyisingar som ivaretek omsynet til dei mjuke trafikantane og dei som bur i sentrum.

Det skal ikkje etablerast industri eller verksemder som forureinar eller lagar støy i sentrum.

Krav til bustadar i sentrum:

Det skal avsettast tilstrekkeleg areal for uteopphald pr. bustad. Arealet skal vere fordelt på privat uteopphaldsareal i direkte tilknytning til kvar bustad, felles uteopphaldsareal anten på ein nærleikeplass eller i eit samla felles uteopphaldsareal for bustadar innanfor eit sameige. I tillegg skal bustadane ha tilgang til eit større uteopphaldsareal/leikeareal i form av ein kvartalsleikeplass, eller ein offentleg park eller friområde. I fortettingsområda skal det utarbeidas reguleringsplan som angir minste uteopphaldsareal (MUA) og fordeling mellom privat, felles og samla felles uteopphaldsareal (SFUA). Dersom det skal etablerast fleire enn 20 bueningar innanfor planområdet, skal det gjennom reguleringsplanen stillast rekkefølgekrav i planen om opparbeiding, eller sikring av opparbeiding, av kvartalsleikeplass eller offentleg friområde/park i nærområdet. Opparbeiding, kvalitetar og kostnadsvurderingar skal avklarast gjennom ein utbyggingsavtale mellom utbygger og Ulstein

kommune.

Arbeid med fortetting i sentrum vil krevje nye former for samarbeid med ulike aktørar frå huseigarar til investorar. Arbeidet med ein sentrumsplan vil være eit viktig verktøy for å få i gong desse prosessane. Visjonsdokumentet *Ulsteinvik 2046 Strategiar og tiltak for sentrumsutvikling* er eit grunnlag for dette arbeidet.

Eit sentrum er ikkje berre fysiske bygningar og infrastruktur, men og møteplassar og arena for samhandling mellom menneskje. Vi må auke denne samhandlinga ved t.d. å etablere møteplassar som Ulstein Arena og biblioteket, etablere handel, næring og nye bustader i sentrum. Endring i teknologi er og ein viktig drivar for samfunnsutviklinga som vil ha innverknad på utbygging og utforming av sentrum. Med Ulstein kommune sin målsettingar for utvikling av lokalsamfunnet og kommune sitt verdigrunnlag er det viktig at vi er tett på denne utviklinga.

I definering av sentrum og framtidig areal for utviding legg vi til grunn samfunnsdelen av kommuneplanen si formulering i kapittelet om Ulstein i regionen der det er sagt at: *“Ulstein kommune vil særleg satse på*

- *eit variert, attraktivt og konkurransedyktig handelssenter*
- *eit kulturtilbod med både lokalt og nasjonalt fokus*
- *næringar som også styrker tettstaden, spesielt med vekt på verdiskaping i handel, service og framveksande næringar, med plassering i sentrum så sant praktisk mogleg.”*

I arbeidet med sentrumsplan må fortetting være eit hovudgrep. Planen må sikre areal for offentlege rom og eit aktivt gateliv. Den må fremje handel, kultur, næring og bustadbygging. Det må leggest til rette for å skape og utvikle opne tverrfaglege møteplassar og nettverk. Det må utviklast ei parkeringsløyse som sikrar effektiv utnytting av viktige sentrumsareal til korttidsparkering. Langtidsparkering må visast til mindre sentrale områder. På mellomlang sikt er det ei målsetting å redusere behovet for parkering ved å gjere gange og sykling meir attraktivt og ved å innføre nye kommunikasjonsløyser.

Det bør jobbast med å etablere eit museum eller bygdetun i sentrum. T.d. kan område kring Vikgarden vere godt eigna til dette formålet. Vert ikkje innarbeidd noko i plankartet om dette i denne rulleringa.

4.8.2.1 Planløyse

Det er lagt inn rekkjefølgjekrav i føresegnene som grunnlag for utbyggingsavtalar mellom kommunen og private utbyggarar. Rekkjefølgjekrav definerer tiltak knyta til teknisk-, sosial- og grøninfrastruktur som vert utløyse av ei vidare utvikling og fortetting innanfor sentrum.

I plankartet er det lagt inn ei omsynssone som viser sentrumsareal som krev områdeplan. Det er lagt inn føresegner som definerer kvalitetskrav til sentrumsutviklinga.

4.8.3 Parkering

Norm for parkering er gitt i føresegnene til kommuneplanen. Det er vanskeleg å få ein objektiv analyse om parkeringssituasjonen, men i planen er det vist til at *“Frå analysefirmaet Rambøll Norge heiter det: “For at det skal oppleves lett å finne en ledig plass bør det alltid være ledig minst 1 av 20 parkeringsplasser (belegg i maksimaltime 95 %). Gjennomsnittsbelegget for en 4 timers periode bør ikke overstige 85 %.” Totalt sett viser utnyttingsgrada at Ulsteinvik sentrum ligg godt innanfor dette, sjølv etter at arbeidet med Blåhusutvidinga og den nye bussterminalen starta.”*

Det ein kan sei klart framover er at:

- Kostnader med bygging av parkeringsplassar vil auke. I større og større grad må ein gå frå

- overflateparkering til parkeringskjellar eller løysingar i parkeringshus.
- Presset på å omdisponere frå parkeringsareal til utbygging vil auke. Innanfor visse rammer er dette positivt for utviklinga av tettstaden – jf. fortetting.

Alternativ for utbygging av parkering:

Utbygging ved Kleven-bygga i tråd med reguleringsplan vil gje 25 nye plassar.

Utbygging av eit parkeringsbygg i to etasjar på tomte ved Amfi, med eit grøntareal på deler av andre etasje, vil kunne gje om lag 120 parkeringsplassar, men dette arealet kan bli omdisponert til brannstasjon. Arena Ulstein og parkeringsplass for Ulsteinvik barneskule har gitt ca. 176 parkeringsplassar.

Bensinstasjonstomta vil gje maksimalt 95 offentlege og innvendige p-plassar.

Anslag på kostnadane for bygging av parkeringsplassar i parkeringskjellar eller parkeringshus varierer frå noko over 200.000-300.000 kr pr. parkeringsplass avhengig av byggemåte og kor effektivt ein klarar å utnytte arealet. Parkeringsplassar som kjem under flomålet er enno meir kostbare å opparbeide.

Det å finansiere utbyggingar vert ei utfordring så lenge parkeringsareal ikkje gir inntekt. Vi må finne løysingar som gjer at private og kommunen kan samarbeide om framtidig utbygging av parkeringsplassar. Kostnaden for frikjøp av plasser må minst settast lik kostnaden ved å bygge ut nye plassar. Bruk av parkeringsavgift eller andre reguleringar for å finansiere framtidig utbygging er eit spørsmål som vil trenge seg fram. Spørsmål om reservering av parkeringsplassar må ein ta stilling til.

4.8.3.1 Planløysing

Krava til parkering gjeld for heile kommunen inntil det er vedteke eigne parkeringsføresegner som skal gjelde innafør sentrumskjerna, jf. temakart T1. Desse skal utarbeidast som ein del av planprosessen med ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum. I områdeplanen vil det vere aktuelt å ta inn rekkefølge krav som legg til rette for at ein kan krevje frikjøp og ev. bidrag til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg som fylgje av høgare utnytting og fortetting i sentrum, med større handelsflate, fleire servicefunksjonar og fleire bustadar.

4.8.4 Sentrum/Saunesmarka.

Det er to vilkår knytt til utvikling i Saunesmarka. Det eine er knytt opp til ”Rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre” og “Fylkesdelplan for senterstruktur”. Det andre er eksisterande kryssløysing mot fylkesvegen. Det er starta opp detaljregulering for rundkøyring til området.

4.8.4.1 Rikspolitiske bestemmelser om kjøpesentre og Regional delplan for attraktive byar og tettstader.

Hovudtrekka her er at det er vedteke rikspolitiske bestemmelser for kjøpesentre med verknad frå 1. Juli 2008 (Bestemmelsen skulle ha 10 års varigheit. Den falt difor vekk frå 01. juli 2018. Politikken ligg uansett fast og omsyna den rikspolitiske bestemmelsen ivaretok er no dekkja av dei statlige planretningslinjene for samornda bustad-, areal- og transportplanlegging.). Dette medfører at «Regional delplan for attraktive byar og tettstadar 2014-2020, Møre og Romsdal fylke», no er gjort juridisk bindande. Overordna mål med planen er å bidra til å styrke eksisterande by- og tettstadsenter, fremme effektiv arealbruk og legge til rette miljø- og helsefremmande transportval. Ein verknad av planen er forbodet mot større handelsetableringar utanom eksisterande byar og tettstadsenter er juridisk bindande med heimel i «Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» av 2008. Med større handelsetableringar meiner ein handelsverksemder som samla eller kvar for seg utgjer eit bruksareal til detaljhandel på 3000 m² eller meir. Kjøpesentre skal berre kunne etablerast eller utvidast

i tråd med godkjent regionaldelplan, eller etter samtykke frå Fylkesmannen. Større etableringar og utvidingar innan detaljhandel og sørvis skal lokaliserast innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplanen.

